

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, 08.09.2010 kl. 13.00**  
**Møtestad: Formannskapsalen**

**SAKLISTE:**

- Sak 16/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 11. mai 2010
- ” 17/10 - Sykkylven kommune sin uttale om godkjenning av Hundeidvik privatskole
- ” 18/10 - Vedkomande Storfjordterminalen
- ” 19/10 - Rekneskapsrapport 1. tertial 2010

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 11.05.2010, kl.13.00  
Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse var til stades:

Rolf Bergmann og Torild Hole  
Steinar Myrseth hadde meldt forfall

= 2 voterande

Frå Sykkylven kommune møtte Rådmann Lillestøl i sak 14/10.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar: Kjetil Bjørnsen

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 12/10  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 20. APRIL 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 20. april 2010 blir godkjent.

**SAK 13/10  
ÅRSMELDING 2009 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.05.2010

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Sykkylven kommune til orientering.

**SAK 14/10**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Instilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.05.2010

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet viser til tidlegare uttalar om dei utfordringane kommunen har innan økonomistyring og økonomi.

**SAK 15/10**

**KOMMUNALT GEBYR (SLAM) JF SAK 19/10 I NÆRINGS- OG  
UTVIKLINGSUTVALET**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.05.2010.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir på bakgrunn av nye opplysningar utsett.

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

Torild Hole  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.09.2010

**SAK 17/10  
SYKKYLVEN KOMMUNE SIN UTTALE OM GODKJENNING AV HUNDEIDVIK  
PRIVATSKULE AS**

Som vedlegg følger:

- Oversendingsmelding frå leiar i kontrollutvalet og brev frå styreleiar i Hundeidvik Privatskule AS
- Rådmannen sin uttale datert 10.08.2010 til Utdanningsdirektoratet om godkjenning av Hundeidvik Privatskule AS
- Brev frå Utdanningsdirektoratet datert 06.05.2010

Styreleiar reiser prinsipielle spørsmål om kven som kan gi slike uttalar på vegne av kommunen - rådmannen eller politiske organ.

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval.

I flg. § 4 1. ledd i forskrift om kontrollutval, skal kontrollutvalet føre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga (den kommunale administrasjonen) på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet har ikkje plikt til å behandle andre saker enn dei som utvalet får seg førelagt av kommunestyret eller der det går fram av lov eller forskrift.

Kontrollutvalet er etter gjeldande lov og forskrift ikkje ein kommunal klageinstans, men vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det ut i frå m.a. vesentlegheitsvurderingar kan vere formålstenleg å ta opp slike saker.

Kontrollutvalet kan derimot av eige tiltak i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd så lenge dette kan definerast som tilsyn eller kontroll. Når det gjeld bestillingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka hører til under utvalet sitt kompetanseområde og om det er ønskjeleg å prioritere denne.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere ei sak til gunst eller ugunst for ein part, men kan naturleg nok dersom utvalet ønskjer det og økonomiske ressursar er stilt til rådvelde, undersøkje korleis saksbehandlinga i kommunen er gjort.

Etablering/ikkje etablering av privatskular i ein kommune er ofte eit verdival. For å understreke dette, kan nemnast at privatskulane ofte er tufta på ulike livssyn. Vidare er det også slik at eit ønske om offentleg drift eller privat drift av bedrifter og institusjonar på mange måtar utgjer eit hovudskilje i det ideologiske og politiske landskapet. Ei sak som dette vil vere politisk lada. Ut i frå ei vesentlegheitsvurdering synest det dermed å ligge tilrette for at kontrollutvalet kan gå nærare inn på brevet frå styreleiaren ved Hundeidvik Privatskule AS.

Med utgangspunkt i det som går fram ovanfor, er delegering av mynde i kommunesektoren ein relevant innfallsvinkel i denne saka.

Etter at ei rekkje særlover vart tilpassa kommunelova i 1990-åra, ligg det meste av kommunal mynde hjå kommunen og ikkje i eit særskilt kommunalt organ. Det betyr at myndet i utgangspunktet ligg hjå kommunestyret. Men det er slik at kommunestyret kan delegerer mynde til andre kommunale organ med mindre formuleringa i lova seier at vedkomande mynde er lagt til kommunestyret sjølv.

Det finnst fleire vilkår for delegering. Mellom anna må det vurderast om myndet i det heile kan bli delegert, vidare må det vere gjort formelt delegeringsvedtak. Dersom ei avgjerd er gjort av eit organ som ikkje er kompetent, eller som det ikkje er høve til å delegerer mynde til, er dette ein alvorleg feil, som vanlegvis vil innebære at avgjersla er ugyldig.

Det er sær viktig at kommunane passar på å delegerer mynde på rett måte. Det må ikkje vere tvil om kva kompetanse dei forskjellige organa har. For å oppnå dette må delegeringsvedtaka vere tydelege.

Kommunestyret kan delegerer mynde til rådmannen. Av kommunelova § 23 nr. 4 går følgjande fram :

*Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betydning hvis ikkje kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.*

I kommunelovsproposisjonen ligg det føre ei slik presisering av kva som er av prinsipiell betydning:

*Hva som er «av prinsipiell betydning», må avgjøres ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser, og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de mer prinsipielle sidene av den aktuelle avgjørelse må anses klarlagt ved prinsippavgjørelser, instruksjer eller tidligere praksis.*

*Det forhold at et mindretall blant de folkevalgte er uenige med dette, og ønsker en kursomlegging, vil ikke i seg selv medføre at saken anses av «prinsipiell betydning», så lenge det ikke er inntrådt nye omstendigheter som medfører at det er en nærliggende mulighet for at det vil være mulig å oppnå flertall for en slik omlegging nå.*

*§ 23 nr. 4 åpner for at administrasjonssjefen kan delegeres myndighet i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning. Bestemmelsen innebærer en utvidelse av delegasjonsadgangen i forhold til gjeldende rett hvor uttrykket "kurante saker" er ansett for å sette relativt snevre rammer for delegasjon av myndighet til administrasjonen.*

*I formuleringen "saker som ikke er av prinsipiell betydning" ligger det en skranke både med hensyn til hva delegasjonen kan gå ut på og med hensyn til hvordan fullmakten kan benyttes. Det vil ikke være*

*anledning til å delegere generell avgjørelsesmyndighet til administrasjonen i saker som etter sin art må anses for å være av prinsipiell betydning, og delegasjonsvedtaket må leses med den begrensning at den som har fått delegert myndighet har plikt til å gå tilbake til det folkevalgte organet hvis en enkeltsak innenfor en generell fullmakt må anses å ha prinsipiell betydning. Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser, og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis. Bestemmelsen gir dermed kommunestyret og fylkestinget et vidt spillerom for å vurdere hva som i det enkelte tilfelle er forsvarlig og hensiktsmessig. Det forhold at et mindretall blant de folkevalgte er uenig i avgjørelsen, og ønsker en kursomlegging, medfører ikke i seg selv at saken må anses å være av "prinsipiell betydning" så lenge det ikke er inntrådt nye omstendigheter som innebærer at det er en nærliggende mulighet for at det vil være mulig å oppnå flertall for en omlegging.*

Av delegeringsreglementet til Sykkylven kommune går det ikke fram at mynde til å gi uttalar på kommunen sine vegne er delegert til rådmann.

## **Vurderingar**

Behov for delegering vil kunne variere frå kommune til kommune. I store kommunar vil behovet for å avlaste kommunestyret gjennom delegering ofte vere større enn i små kommunar.

I Ålesund kommune er det utarbeidd eige reglement for slik delegering:

*Saken som sendes fra eksterne instanser til kommunen for høring legges fram for koordineringsnemnda som avgjør om uttalelse skal gis administrativt eller politisk. Komiteene og formannskapet har fullmakt til å gi uttalelse på kommunens vegne og som gjelder deres respektive saks- og virksomhetsområder. Fullmakten gjelder så lenge saken ikke innebærer bindende økonomiske eller avtalemessige forpliktelser for kommunen. I sistnevnte tilfelle legges saken fram for bystyret.*

Eit spørsmål som må bli vurdert når det gjeld rådmannen sin uttale til Utdanningsdirektoratet om Hundeidvik Privatskule AS er om brevet kan sjåast på som ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om endra skulestruktur og nedlegging av skular.

Kommunestyret sitt vedtak av 31.05.2010, sak PS 28/10, lyder slik:

### Vedtak:

1. *Modell 3A: Fire skular*
  - a. *Ny sentrumsskule bør lokaliserast til "kulturaksen" (355 elevar) Formannskapet ber administrasjonen kome med ei likeverdig utgreiing av dei ulike alternativa.*
  - b. *Vik skule som no (119 elevar)*
  - c. *Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik (159 elevar)*
  - d. *Tandstad / Velledalen (107 elevar). Tandstad vert skulestad.*
2. *Med bakgrunn i valet som blir gjort under punkt 1, ber kommunestyret rådmannen om å kome tilbake med eiga sak om gjennomføring med framdriftsplan.*

Dette vedtaket kan vanskeleg bli vurdert som ei prinsippavgjersle for eller mot private skular. Dersom vedtaket skulle ha ei slik betydning, ville det sannsynlegvis vere ein saksbehandlingsfeil at dette ikkje vart gjort kjent for kommunestyret før votering den 31.05.2010.

Dessutan skriv rådmannen mellom anna:

*Det kan synest som om behovet for privatskulane er motivert ut frå å behalde skulane i grendene, meir enn ut i frå eit ønskje om å ha ein kristen skule eller Montessoriskule, med alternativ pedagogikk.*

Ein søknad om privatskule kan oppstå uavhengig av kor mange skular det er i kommunen frå før og uavhengig av endringar som har blitt gjort siste tida. Søknad om privatskule er ei sjølvstendig sak som må behandlast deretter og det kan vere mange motiv for å etablere ein slik skule.

I brevet til Utdanningsdirektoratet tek rådmannen stilling til søkjarane sine motiv. Eit viktig spørsmål er også om uttalar frå kommunen om oppretting av privatskular er spørsmål av prinsipiell karakter og som ikkje kan bli delegert. Det kan hende at kommunen sin uttale kan få avgjerande innverknad på utdanningsdirektoratet sitt standpunkt. Uttalen vil kunne ha betydning for to bygdelag i kommunen med ein ikkje ubetydeleg del av kommunen sitt folketal.

Av Utdanningsdirektoratet sitt brev av 05.05.2010 har ikkje kommune blitt stilt fritt til å gi ein administrativ eller politisk uttale. I brevet er det Sykkylven kommune som er nemnt.

## **Oppsummering**

Etablering/ikkje etablering av privatskular i ein kommune er eit verdival. For å understreke dette, kan nemnast at skulane ofte er tufta på ulike livssyn. Vidare er det også slik at eit ønske om offentleg drift eller privat drift av bedrifter og institusjonar på mange måtar utgjør eit hovudskilje i det ideologiske og politiske landskapet.

Av delegeringsreglementet til Sykkylven kommune går det ikkje fram at mynde til å gi uttalar på kommunen sine vegne er delegert til rådmannen. Eit anna forhold er at saker av denne type truleg ikkje kan bli delegert til rådmannen.

Ein søknad om privatskule kan bli laga uavhengig av kor mange skular det er i kommunen frå før og uavhengig av endringar som har blitt gjort siste tida. Søknad om privatskule er ei sjølvstendig sak som må behandlast deretter og det kan vere mange motiv for å etablere ein slik skule. Eit spørsmål som må bli vurdert når det gjeld rådmannen sin uttale til Utdanningsdirektoratet om Hundeidvik Privatskule AS er om brevet kan sjåast på som ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om endra skulestruktur og nedlegging av skular.

Vedtaket i sak PS 28/10 kan vanskeleg bli vurdert som ei prinsippavgjersle for eller mot private skular. Dersom vedtaket skulle ha ei slik betydning, ville det sannsynlegvis vere ein saksbehandlingsfeil at dette ikkje vart gjort kjent for kommunestyret før votering den 31.05.2010.

Det kan ut i frå kontrollutvalet si rolle vere føremålstenleg å opplyse kommunestyret om denne saka slik at kommunestyret sjølv kan gjere ei vurdering.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Saka blir å førelegge kommunestyret til nærare vurdering.





Rolf Bergmann  
<rolfb@xi.no>  
25.08.2010 09:51

To Harald Rogne <kontrollutval@kontrollutval.no>  
cc  
bcc  
Subject Fw: Hundeidvik Privatskule AS

Sekretær i kontrollutvalet for  
Sykkylven kommune  
Harald Rogne

Styreleiaren i selskapet Hundeidvik Privatskule AS ba i tlf.samtale med underteikna 24. aug. d.å. om at kontrollutvalet går inn i problemstillinga omkring administrasjonen si handtering av saka overfor Utdanningsdirektoratet. Dette er så etterfølgd av skriv frå styreleiaren som nå blir vidaresendt til deg for fagleg utgreiing og behandling.

Med vennleg helsing  
**Rolf Bergmann**  
Leiar av kontrollutvalet  
i Sykkylven kommune

----- Original Message -----

**From:** Ronny Utgård

**To:** Rolf Bergmann

**Sent:** Tuesday, August 24, 2010 4:53 PM

**Subject:** Hundeidvik Privatskule AS

Viser til samtale vedr. høringsuttalelse fra Sykkylven kommune.

Vedlagt ligger brev på vegne av Hundeidvik Privatskule AS

Med vennlig hilsen  
**Hundeidvik Privatskule**

**Ronny Utgård**  
e-post: post@hundeidvik.no  
Telefon: 982 26 252



Sykkylven kommune.pdf

Sykkylven kommune - Kontrollutvalget  
v/Rolf Bergmann  
6230 Sykkylven

Hundeidvik 24.08.2010

#### Høringsuttalelse Hundeidvik Privatskule

Viser til Sykkylven kommune sin uttale i forbindelse med godkjenning av Hundeidvik Privatskule i hennhold til privatskulelova. I brev fra Utdanningsdirektoratet datert 5.5.2010, blir Sykkylven kommune gitt mulighet til å uttale seg i denne saken. Hundeidvik Privatskule AS stiller seg spørrende til at denne uttalen er utarbeidet av Rådmannen.

Ifølge kontrollutvalget hos Fylkesmannen, skal denne typen saker opp til politisk behandling og vi mener derfor at denne saken ikke har blitt korrekt behandlet.

Gjennom den politiske behandlingen av offentlig skulestruktur, er det ikke tatt stilling til etablering av private skuler i Sykkylven kommune. Vi ser det derfor som viktig at våre politikere er med på å uttale seg om denne typen strategiske valg.

Vi imøteser en snarlig tilbakemelding fra kontrollutvalget på hvordan de stiller seg til denne saken.

Med vennlig hilsen  
Hundeidvik Privatskule AS



Ronny Utgård  
Styreleder



Sykkylven kommune  
Rådmannen

Utdanningsdirektoratet  
Postboks 9359  
0135 OSLO

Dykkar dato: 05.05.2010  
Dykkar ref.:

Vår dato: 10.08.2010  
Vår ref.: 2010/721-7225/2010  
Klassering: A25

Saksbeh.: Eldrid Suorza  
Telefon: 70 24 65 54

## Svar - Hundeidvik privatskule AS - uttale vedk. godkjenning etter privatskulelova

Viser til brev frå Utdanningsdirektoratet med oppmoding om uttale frå vertskommunen i høve til to forskjellige søknader om oppretting av privatskular i Sykkylven kommune:

1. Brev av 05.05.2010, Dykkar ref. 2010/1168 vedk. uttale om oppretting av Hundeidvik privatskule AS - kristen grunnskule.
2. Brev av 06.05.2010, Dykkar ref. 2006/1222 vedk. uttale om oppretting av Velledalen privatskule AS - Montessoriskule.

Udir. ber om ein uttale frå vertskommunen før dei gjennomfører ei skjønsmessig vurdering av søknadene. I brevet nemner Udir. fire område der det er ynskjeleg med kommentarar frå vertskommunen:

- kva konsekvensar vil ei godkjenning få for den offentlege skulen
- skulefaglege omsyn
- behovet for skulen
- budsjettmessige omsyn

Oppmodinga om uttale kjem frå eit fagdirektorat og gjeld ei fagleg og heilskapleg vurdering. Brevet er difor svart på administrativt av rådmannen. Svaret er basert på vedtaket i kommunestyret den 28.mai 2010 om "Vurdering av skulestrukturen i Sykkylven."

I hovudsak har rådmannen same merknader til begge søknadene og samanfattar svaret i eitt brev som fylgjer begge sakene.

### Offentleg skulestruktur

Sykkylven kommune har 7 589 innbyggjarar. Kommunen har ein desentralisert skulestruktur med ein sentral ungdomsskule med 303 elevar, og 8 barneskular med totalt 740 elevar i skuleåret 2009/2010:

|                 |     |        |
|-----------------|-----|--------|
| Aure skule:     | 186 | elevar |
| Ullavik skule:  | 146 | "      |
| Vik skule:      | 119 | "      |
| Jarnes skule:   | 109 | "      |
| Tandstad skule: | 73  | "      |

|                   |    |   |
|-------------------|----|---|
| Hundeidvik skule: | 50 | " |
| Velledalen skule: | 34 | " |
| Ramstaddal skule: | 23 | " |

Kommunestyret har gjort vedtak om at Ramstaddal skule skal leggest ned. Frå skuleåret 2010/2011 skal elevane overførast til Aure skule.

Kommunestyret har også gjort vedtak om bygging av ny Sørestranda skule for inntil 200 elevar. Denne skulen erstattar Jarnes skule med 109 elevar. Arbeidet med bygging av skulen er starta og skulen skal stå ferdig til skuleåret 2011/2012. Føresetnadane for vedtaket om å bygge den nye skulen så stor, var at den skulle ta i mot elevar frå fleire krinsar. Den nye skulen er kalkulert til nesten 100 mill. kr. og er eit stort økonomisk løft for kommunen.

Kommunestyret handsama i mai 2010 sak om korleis den framtidige organiseringa av barneskulane i kommunen skal vere (skulestrukturen).

A. Bakgrunnen for denne saka er m.a:

- Økonomiske vurderingar; kommunen sin samla økonomiske situasjon krev at drifta må reduserast både i 2010 og i åra framover. Det er behov for mest mulig effektiv utnytting av tilgjengeleg ressursar, også innanfor barneskulane.
- Demografiske vurderingar; endringar i elevtal og busetting viser at elevtalet i barneskulane vil bli redusert med ca. 13 % dei næraste åra.
- Behov for avklaring av korleis skulestrukturen skal vere i framtida, få stabile tilhøve og unngå opprivande diskusjonar i og mellom krinsane.
- Bygningsmessige vurderingar; kommunen har mange skulebygg, behov for oppgradering til dagens myndigheitskrav føreset store investeringar.
- Fulldelte skular bør leggest til grunn for skulestrukturen i kommunen.

B. Argumentasjonen i rådmannens innstilling og i forhold til det politiske vedtaket om ny skulestruktur, har elles vore basert på:

- Læringsmiljø; større elevgrupper gir meir mangfaldige læringsmiljø.
- Økonomisk meir rasjonell drift med fleire elevar i gruppene og færre skulebygg å vedlikehalde.
- Korte avstandar mellom skulane.
- Fagmiljø; pedagogisk utviklingsarbeid i ein skule for framtida, større profesjonelt miljø.
- Rekruttering og kompetanse; lettare å rekruttere lærarar ved større fagmiljø.
- Skulen sin plass i lokalmiljøet; mindre vektlagt i rådmannen si saksutgreiing, men gjenstand for mange innspel i samband med høyringa. Ingen vil misse skulen sin. (Jmfr. høyringsuttalane).

C. Vedtak i Sykkylven kommunestyre 28. mai 2010. Rådmannen la fram fleire modellar for skulestruktur. Kommunestyret vedtok å gå for modell 3A:

1. *Modell 3A: fire skular*

1. *Ny sentrumsskule bør lokaliserast til kulturaksen. (355 elevar). Formannskapet ber rådmannen kome med ei likeverdig utgreiing av dei ulike alternativa.*
2. *Vik skule som no (119 elevar)*
3. *Sørestranda skule: Jarnes skule / Hundeidvik skule. 159 elevar.*
4. *Tandstad skule / Velledalen skule. Tandstad vert skulestad, 107 elevar.*

2. *Med bakgrunn i valet som blir gjort under punkt 1, ber kommunestyret rådmannen om å kome tilbake med eiga sak om gjennomføring med framdriftsplan.*

Dette vedtaket inneber ei samanslåing av Aure skule og Ullavik skule. Kvar skulen skal ligge er ikkje avklart enno. Vik skule blir som no.

Velledalen skule vert lagt ned og elevane overførte til Tandstad skule.

Bygging av ny Sørestranda skule for Jarnes og Hundeidvik fører til at Hundeidvik skule blir lagt ned og elevane blir overførte til ny Sørestranda skule.

#### D. Privatskular

Det er sendt inn søknader om oppretting av to privatskular i kommunen; Velledalen privatskule AS og Hundeidvik privatskule AS.

Ei etablering av to privatskular i kommunen vil vere med å påverke den vedtekne skulestrukturen og vil skiple det politiske vedtaket om fire barneskular i kommunen. Dette vedtaket er basert på ei samla vurdering om kor mange skular ein treng i forhold til elevtalet no og framover, og kvar skulane skal lokaliserast i kommunen.

Tandstad skule og Velledalen skule har til saman 107 elevar skuleåret 2009/2010. Elevtalet er marginalt til ei fulldeling, særleg dersom elevtalet minkar slik som prognosen seier. I følgje Folkeregisteret over fødde t.o.m. 2008, vil elevtalet ved skulane frå 2009/10 til 2014/2015 bli endra slik:

|                   |          |       |
|-------------------|----------|-------|
| Velledalen skule: | 34 (37)  | +8,8% |
| Tandstad skule:   | 73 (51)  | -30%  |
| Jarnes skule:     | 109(109) | 0%    |
| Hundeidvik skule: | 50 (40)  | -20%  |

Auka tilflytting eller flytting mellom kretsane kan endre på dette biletet.

Avstanden mellom Velledalen skule og Tandstad skule er 5,8 km.

Avstanden mellom Hundeidvik skule og ny Sørestranda skule er ca. 9 km.

Ingen elevar får lengre skuleveg enn 11,5 km.

Begge strekningane har god vegstandard og det ligg godt tilrette for trygg skuleskysst for alle elevane.

Kommunen har ikkje råd til å la Sørestranda skule stå ledig med nærare 100 elevplassar som er tilfelle dersom det vert gjeve løyve til oppretting av privatskular. Kommunen må då gjere nye vedtak om endring av skulestrukturen.

Ei anna alvorleg problemstilling for kommunen, er at dersom ein eller begge privatskulane skulle bli lagt ned etter t.d. 3-5 år, så vil kommunen måtte gjere nye struktur- og bygningsmessige grep for å kunne "ta inn att" elevane som har vore på privatskulane.

#### Skulefaglege omsyn

Skulesektoren i kommunen har gjennom felles studiedagar, nettverksarbeid og felles satsingsområde dei siste åra lagt stor vekt på å skape ein felles kultur for grunnskulen i Sykkylven, men med rom for fagleg og pedagogisk mangfald. Gjennom skulenettverk i samband med skuleutvikling / innføring av kunnskapsløftet, har lærarane i kommunen fått dele kunnskap, praksis og erfaring med kvarandre. Handlingsrommet i den offentlege skulen er stort, og det ville vere ynskjeleg om alternative pedagogiske miljø av foreldre og lærarar kunne utfordre den kommunale skulen innanfor dei fora som allereie finst.

Ut frå skulefaglege omsyn ser ein heller ikkje at to privatskular skal kunne gi eit betre tilbod til elevane enn den offentlege skulen kan tilby. Gjennomføring av dei strukturendringane som er vedtekne, vil gi ein betre ressursituasjon i kommunen og gi grunnlag for eit godt undervisningstilbod til elevane. Kommunen står i dei næraste åra overfor ei stor utskifting i lærarstaben pga alderssamansettinga i personalet, og det ligg ei ekstra utfordring i å rekruttere god og stabil arbeidskraft. Denne utfordringa vil kunne bli ekstra vanskeleg i små fådelte skular.

### Behovet for privatskular

Det kan synest som om behovet for privatskulane er motivert ut frå å behalde skulane i grendene, meir enn ut frå eit ønskje om å ha ein kristen skule eller ein Montessoriskule med alternativ pedagogikk. Nokre små utdrag frå høyringsuttalane som ligg ved, bygg opp under dette synet:

FAU og SU ved Velledalen skule 21.03.10: (sitat) *"Vi har nettopp gjennomført ei spørjeundersøking der føresette til dagens elevar og framtidige elevar svarte på spørsmål om skulen. Undersøkinga viser at eit skuletilbod i grenda er så viktig for foreldra at ein heller vil jobbe for privatskule i Velledalen enn å sende borna til ein annan skule".*

FAU og SU 18.mai 2010: Bevar Velledalen skule *"Vi ønskjer framleis ein offentleg skule i Velledalen og ber difor om at politikarane ikkje legg ned Velledalen skule!"*

Velledalen i Balanse AS skriv 19.03.2010 m.a.: *"Det er fyrst og fremst foreldra til borna i Velledalen som avgjer vår innsats i denne saka. Foreldra har uttalt seg eintydig, og det betyr at ViB vil støtte arbeidet med å etablere ein privat Montessori skule. Vi meiner likevel at det beste er at det framleis vert offentleg skule i dalen. Det må i så fall gjerast vedtak som sikrar at ein slepp stadige omkampar i denne saka."*

Heller ikkje høyringsuttalen frå Hundeidvik FAU av 14.03.10 ber preg av ynskje om alternativ pedagogikk eller kristen skule, men legg vekt på *"den rolla ein skule har for sitt nærmiljø og krins"*.

Å behalde skulen i bygda er eit legitimt argument frå foreldra, men er ikkje etter intensjonane i lov om privatskular.

Rådmannen ser heller ikkje at det skal vere behov for oppretting av privatskular i Sykkylven av skyssmessige årsaker då det er trafikksikre vegar og korte avstandar mellom skulane.

### Budsjettmessige omsyn

Sykkylven kommune har i fleire år hatt ein vanskeleg økonomisk situasjon, noko ein tydeleg har merka i skulen. Kommunen er no meldt inn i ROBEK registeret. I løpet av ein periode på seks skuleår, frå 2005/2006 til 2009/2010, har det vore ein nedgang på heile 10,8 undervisningsstillingar i grunnskulen med uendra elevtal og tal på skular (GSI). Kommunens ressursfordelingsmodell viser at skulane har svært knappe rammer og at kommunen allereie har redusert til eit minimum i forhold til dei ressursbehov som fylgjer av lov og avtaleverk og dagens skulestruktur.

Eit av utgangspunkta for å endre på skulestrukturen, er å kunne drive ein meir kostnadseffektiv skule samtidig som ein skal få til ei meir rettmessig fordeling av ressursane til elevane. Det kan vi m.a. få til gjennom fulldelte skular. Den vedtekte skulestrukturen tek utgangspunkt i dette. Mange gamle skulebygg gjev oss store økonomiske utfordringar dei komande åra. Berre eitt av våre barneskulebygg kan i dag godkjennast etter "forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar". Kommunen må ruste opp alle dagens bygg for betydelege kostnader dei komande åra. (Jamfør vedlagde utgreiing om skulestrukturen i kommunen).

Reglane i lov om privatskular heimlar tilskot i forhold til tal på elevar. Dette vert finansiert ved at kommunen får trekt tilsvarande beløp i rammeoverføringar. Dette vil ha økonomiske konsekvensar for kommunen i tillegg til at vi ikkje får utnytte fordelene av å drive økonomisk forsvarleg ved å kunne fyller opp klassene med fleire elevar/ full klassesdeling. Dei økonomiske momenta ved strukturendringa vil då bli endra og vi vil ikkje få til den styrkinga som vi har behov for (jamfør avsnittet om skulefaglege omsyn), og som samtidig er eit krav for å kome seg ut av ROBEK.

Meldt elevtal i privatskular det er søkt godkjenning for:

| SKULE                     | ELEV TAL ÅR 1 | ELEV TAL ÅR 2 | ELEV TAL ÅR 3 |
|---------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Hundeidvik privatskule AS | 60            | 69            | 80            |
| Velledalen privatskule AS | 37            | 37            | 50            |
| Sum                       | 97            | 106           | 130           |

Verknader for Sykkylven kommune:

For å kunne syne verknaden for Sykkylven kommune, vil ein syne kostnader til drift av skulane våre, inklusiv bygningsdrift, men eksklusive kapitalkostnader, spesialundervisning, SFO og skyss. (Tala er 2009-tal)

| SKULE            | DRIFTSUTG  | BYGNING   | KOSTNADER  | ELEVAR |
|------------------|------------|-----------|------------|--------|
| Ullavik skule    | 6 798 565  | 1 380 919 | 8 179 484  | 146    |
| Aure skule       | 8 490 313  | 1 587 370 | 10 077 683 | 186    |
| Vik skule        | 6 586 447  | 1 033 712 | 7 620 159  | 119    |
| Tandstad skule   | 4 414 573  | 948 053   | 5 362 626  | 73     |
| Velledalen skule | 2 521 468  | 570 249   | 3 091 717  | 34     |
| Jarnes skule     | 5 129 684  | 623 071   | 5 752 755  | 109    |
| Hundeidvik skule | 2 556 985  | 373 792   | 2 930 777  | 50     |
| Ramstaddal skule | 1 783 306  | 240 142   | 2 023 448  | 23     |
| Summar           | 38 281 343 | 6 757 308 | 45 038 651 | 740    |

For året 2009 var korreksjonstrekket for private skular - vanleg undervisning - kr. 58 000 pr. elev. (Trekk i 2010 er 62 000 pr. elev.)

Velledalen skule:

Velledalen skule har 34 elevar. Velledalen privatskule AS reknar med å ha 37 elevar første året.

| SKULE      | KOMM UTG. 2009 | TREKK       | SKILNAD |
|------------|----------------|-------------|---------|
| Velledalen | 3 091 717      | - 2 146 000 | 945 717 |

At Velledalen reknar med 3 elevar meir, kan vere auke i barngrunnlag i krinsen eller elevar som kryssar kringsgrenser. Endringa vert vurdert ikkje å ha verknad for kostnader ved andre skular, kanskje litt auke i skuleskyss, kostnader som fell på kommunen.

Hundeidvik skule:

Hundeidvik skule har 50 elevar. Hundeidvik privatskule AS reknar med å ha 60 elevar første året.

| SKULE      | KOMM UTG. 2009 | TREKK       | SKILNAD   |
|------------|----------------|-------------|-----------|
| Hundeidvik | 2 930 777      | - 3 480 000 | - 549 223 |

Om elevtalet aukar med 10 elevar, kan ikkje dette berre skuldast auke i barngrunnlag i krinsen. Her må det vere tale om elevar som kryssar kringsgrenser. Kjem alle dei 10 nye elevane frå t.d. Sørestranda skule, kan dette medføre endra klassedeling der, alt eller aldersfordeling, og såleis føre til kostnadsreduksjonar. Kjem elevane frå fleire krinsar, treng ikkje kommunens innsparingar bli meir enn marginale. Evt. skuleskyss for 10 nye elevar, vil kunne merkast, alt etter kvar dei kjem frå.

Å framskrive dette tre år fram i tid med stigande elevtal ved desse to privatskulane vil føre til at ein må leggje så mange føresetnader inn i reknestykket at dette vert svært upåliteleg og lite tenleg.

Det ein kan seie, er at dersom elevtalet i år 3 for dei to privatskulane er reelt, ville vi i 2009-kroner ha fått slikt trekk:

| ÅR   | ELEV TAL | TREKK I 2009-KRONER | TREKK     |
|------|----------|---------------------|-----------|
| År 3 | 130      | 58 000              | 7 540 000 |

Det første året med privatskular – 97 elevar – vert ikkje konsekvensen for kommunen så stor. Samla sett vil trekket i rammetilskot vere mindre enn driftskostnaden ved dei to skulane som vert lagt ned.

Ved å auke talet på elevar, vil kommunen ganske fort få ei netto svekking av budsjettet gjennom kutt i rammetilskottet.

Det tredje året med privatskular – 130 elevar – er det rekna med ei større overflytting av elevar frå andre kommunale skular enn dei som vert lagt ned. Fordeler denne elevtalsauken på 33 elevar seg jamt over dei andre skulane, og kanskje til og med jamt over klassar, vil dei kommunale kostnadene berre gå marginalt ned, mens trekket i rammetilskot aukar med kr 2 046 000 2010-kroner. (kr. 62 000 x 33)

Dette trekket vil kunne få svært stor verknad på kommunens budsjett år 3.

Konsekvensen for utgifter til skuleskyss kan verte stor. Samstundes som privatskular i Velledalen og Hundeidvik reduserer behovet for skuleskyss for mange elevar, kan elevar frå andre krinsar utløyse kostbar skyss. Elevar frå Velledalen og Hundeidvik som evt. ikkje ynskjer å gå i privatskulane, treng også skuleskyss.

Ei "tapping" av elevar frå dei attverande skulane og kutt i ressursar, vil dermed kunne føre til behov for ytterlegare strukturtiltak.

Samla sett kan difor ikkje Sykkylven kommune tilrå etablering av ein eller to private skular i kommunen.

Vedlegg: Høyring om skulestrukturen i Sykkylven kommune  
K.sak 28/10: Vurdering av skulestrukturen i Sykkylven  
Utskrift av saksprotokoll i kommunestyret 31.05.2010-sak 28/10.

Med venleg helsing

Eldrid Suorza  
kommunalsjef  
(e.f.)

Kopi til:  
Hundeidvik privatskule AS, v/ Ronny Utgård Kursetvegen 47, 6224 Hundeidvik  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkeshuset, 6404 Molde



Sykkylven kommune  
Rådhuset  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Sykkylven kommune  
År/S.nr.: 10/710 Dok.no.:  
Klass.: AS

10 MAI 2010

AVD.: VIRSD. ES

## Anmodning om uttalelse - Velledalen privatskule AS - Søknad om godkjenning etter privatskoleloven

Velledalen privatskule AS søker om godkjenning etter privatskoleloven. Det fremgår av søknaden at skolen ligger i Sykkylven kommune. Skolen ønsker å drive sin virksomhet på grunnlag av en anerkjent pedagogisk retning, nærmere bestemt montessoripedagogikk, jf. privatskoleloven § 2-1 andre ledd bokstav b.

I privatskoleloven heter det:

“§ 2-1. Godkjenning av skolar

*Departementet kan godkjenne private skolar og driftsendringar ved godkjende private skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.*

*Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:*

- a) religiøst*
- b) anerkjend pedagogisk retning*
- c) internasjonalt*
- d) særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett*
- e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet*
- f) særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma”*

I Ot.prp. nr. 37 (2006-2007) om lov om endringer i friskoleloven heter det i kapittel 8.4.1.1:

*“Departementet foreslår at det etter privatskoleloven § 2-1 ikke skal foreligge en rett til godkjenning og tilskudd etter loven, men at departementet gis en skjønnsmessig adgang til å godkjenne nye skoler og driftsendringer. Dette var også ordningen etter den tidligere privatskoleloven, dvs. før 1. oktober 2003. Departementet foreslår at den skjønnsmessige vurderingen bl.a. bør bygge på hvilke konsekvenser en godkjenning vil få for den offentlige skolestrukturen, skolefaglige hensyn, behovet for skolen og budsjettmessige hensyn. (...)*

*Departementet foreslår at vertskommunen og vertsfylke fortsatt skal hores for det treffes vedtak om godkjenning av en skole. Ved vurderingen av hvilke konsekvenser en godkjenning etter privatskoleloven vil få for den offentlige skolestrukturen, vil det kunne være relevant å legge vekt på uttalelsen fra vertskommunen eller vertsfylket. Skjønnstemaet «vesentlige negative konsekvenser», foreslås ikke videreføre, jf. at det ikke foreslås en rett til godkjenning. Dette innebærer at departementet kan avslå en søknad om godkjenning også der det ikke foreligger*

vesentlige negative konsekvenser for vertskommunen eller vertsfylket. Videre vises det til at en søknad etter forslaget også kan avslås av andre grunner, jf. ovenfor.

Det har vært reist spørsmål ved om vertskommunen og vertsfylket har rett til å påklage departementets vedtak om godkjenning etter friskoleloven. Departementet foreslår derfor at dette presiseres i privatskoleloven at vertskommunen og vertsfylket har rett til å påklage departementets vedtak.

I Innst. O. nr. 88 (2006-2007) om lov om endringer i friskoleloven heter det:


*"Vertskommunen eller vertsfylket skal gi en uttalelse før vedtak om godkjenning, men uttalelsen skal ikke være avgjørende for om en søknad skal innvilges eller ikke. (...) Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, viser til at det i godkjenningsgrunnlaget er lagt begrensninger på hvilke kriterier skolene kan starte opp etter. Flertallet forutsetter at skoler gis godkjenning når det søkes innenfor det fastlagte godkjenningsgrunnlaget, og øvrige krav i loven. Departementet skal likevel kunne ta hensyn til den offentlige skolestrukturen, behovet for skolen og vurdere seriositeten til søkeren. Flertallet har merket seg at uttalelsen fra vertskommunen eller vertsfylket ikke skal være avgjørende for om en søknad skal innvilges eller ikke. Det er lovens mening å legge til rette for alternative skoler. Flertallet mener at et nei til en søknad ikke kan begrunnes med budsjettsituasjonen. Flertallet mener også det skal foretas rask behandling når en godkjent skole søker om utvidelse."*

Utdanningsdirektoratet ber herved om en uttalelse fra kommunen. Vi ber om at denne henvendelsen besvares senest innen 15. august 2010.

Med hilsen



Magne Høpland Engebretsen  
seniorrådgiver



Øystein Rovde  
rådgiver

vedlegg:

Skolens søknad (sendes med e-post til [postmottak@sykkylven.kommune.no](mailto:postmottak@sykkylven.kommune.no))

kopi uten vedlegg:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Velledalen privatskule AS v/Toril Hole, Holevegen 37, 6220 Straumgjærde

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.09.2010

**SAK 18/10  
VEDKOMANDE STORFJORDTERMINALEN AS**

Som vedlegg følgjer:

- Kontrollutvalsak 15/06
- Kommunestyresak 15/06
- Kommunestyresak 36/06
- Kontrollutvalsak 35/09
- Kontrollutvalsak 40/09

Kontrollutvalsak 15/06 tok føre seg problemstillingar omkring kommunen si praktisering av Lov om offentlige anskaffelser i dette prosjektet, mangelfull saksbehandling, manglande behovs- og konsekvensanalyse og manglande avklaring av økonomiske og juridiske forhold.

Kontrollutvalsak 35/09 tok føre seg det forholdet at kommunen hadde investert 5,5 mill. kroner i eit prosjekt som ikkje var ferdigstilt og der betydelege investeringar stod igjen. Føresetnaden var at 5,5 mill. kroner var kommunen sitt totale bidrag til ei ferdig kai. Kontrollutvalet var oppteken av korleis kommunen skulle sikre sine interesser i prosjektet. I sak 40/09 fekk kontrollutvalet ei orientering frå ordførar og kontrollutvalet gjorde vedtak om å ha saka til vidare observasjon.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet ber rådmannen opplyse om kva kommunen har tenkt å føreta seg i dette prosjektet .

Harald Rogne  
dagleg leiar

# KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE

## SÆRUTSKRIFT

av møteboka for Sykkylven kontrollutval i møte 13.10.2006.

Av 3 medlem var 3 til stades.

### SAK 15/06

### OPPFØLGING AV PROSJEKTET, KAI ØRSNESET

Det vart lagt fram slik utgreiing til kontrollutvalet i denne saka:

*Kontrollutvalet drøfta dette prosjektet i møte 06.04.06 i sak 09/06. Ut i frå ein intensjon om å ha saka til observasjon, har kontrollutvalet invitert rådmann, Erling Solsletten, til å gi ei orientering om prosjektet i kontrollutvalet sitt møte 13.10.2006. I orienteringa vil rådmannen m.a. kome inn på dei vedtaka som hittil er gjort i saka, om budsjett, økonomiplan, storleiken på engasjementet, avklaring m.o.t. til EØS – regelverket og samarbeidet med private investorar.*

Rådmann, Erling Solsletten viste i si orientering til kommunestyresak 15/06 og 36/06 som begge gjaldt Kai Ørsneset.

Rådmannen såg på saka som vanskeleg. Saka er i stor grad initiert av interesser utanfor kommunen der det har vore eit stort politisk engasjement og raske avgjersler. Dette har resultert i manglande prosjektering og planlegging, fråver av målsettingar, konsekvensanalysar og finansiering/budsjettering.

Av same grunn har uavklara problemstillingar i forhold til *Lov om offentlige anskaffelser* og mangel på tilbuds konkurranse blitt ein konsekvens. Eigarstrukturen har vidare medført at prosjektet ikkje får tildelt statstilskot. Vegrett til kaia med framføring av vatn, kloakk og straum er ikkje avklara på det noverande tidspunktet. Framtidige inntekter - driftsinntekter til kaia er usikre og det ligg ikkje føre strategiar for korleis ein skal tene pengar på prosjektet.

Rådmannen kom også inn på andre prosjekt som har blitt hastesaker med mangel på anbuds konkurranse, prosjektering, budsjettering og finansiering. Døme på slike prosjekt er Tynesvegen. På bakgrunn av manglande tilbuds konkurranse, vil deler av Tynesvegen bli bygd i eigenregi. Mangel på konkurranse og prosjektering kan lett medføre høgare anleggskostnader enn nødvendig samt kostnader ein på førehand ikkje kjenner storleiken på. Rådmannen kom også inn på tidlegare saker der mangel på planlegging og konsekvensanalysar har hatt uheldige konsekvensar for kommunen.

## Kontrollutvalet sine vurderingar:

Kontrollutvalet viser til problemstillingane omkring manglande planlegging, prosjektering og finansiering og vil samtidig ta opp problemstillingar omkring *Lov om offentlige anskaffelser*.

*Lov om offentlige anskaffelser* § 1 om formål har følgjande ordlyd:

*Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling.*

I Bahrs kommentarutgåve til lova går det vidare fram:

*I utgangspunktet innebærer plikten til å basere alle anskaffelser på forretningsmessighet også en plikt til ikke å ta utenforliggende hensyn i anskaffelsesprosessen. Historisk har det imidlertid vært kryttet vekslende grad av interesse til å benytte offentlige anskaffelsesvirksomhet som et politisk virkemiddel, særlig i distrikts- og næringspolitikken, men også for å ivareta andre samfunnsmessige hensyn. I forarbeidene til lov om offentlige anskaffelser ble det pekt på at internasjonale avtaler satte klare begrensninger for en slik virkemiddelbruk. Slike hensyn ville dessuten lett komme i konflikt med ønsket om mest mulig effektive anskaffelser.*

*I den grad man skal koble andre hensyn inn i anskaffelsespolitikken ble det derfor understreket at de samfunnsmessige krav som eventuelt stilles, systematisk må vurderes ut fra hensiktsmessighet og mulige konsekvenser for målsettingen om å foreta effektive og profesjonelle anskaffelser. Departementet fulgte opp dette ved å peke på at et regelverk som i for stor grad prioriterer andre hensyn enn de forretningsmessige, vil hindre oppdragsgiver i å opptre profesjonelt og gi uklare retningslinjer for hvordan konkurranser om offentlige kontrakter skal foregå*

Sykkylven kommune er ansvarleg for ein grunnleggjande tenesteproduksjon, utøving av offentleg mynde og forvaltar store felles verdiar. Det er derfor nødvendig å sikre at allmennheita har tillit til at kommunen har ein høg etisk standard i si verksemd. Eit viktig verkemiddel for å understøtte høg etisk standard er reglane om offentlege innkjøp.

## Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet stiller seg bak rådmannen sine vurderingar når det gjeld planlegging og gjennomføring av prosjekt også i relasjon til *Lov om offentlege anskaffelser*. Kontrollutvalet ser det som viktig at alle saker er grundig utgreidd før vedtak blir gjort og prosjekta sett ut i livet. Det bør derfor utarbeidast behovsanalysar, grundige saksutgreiingar med konsekvensanalysar og avklaring av alle relevante økonomiske og juridiske forhold.
2. Kontrollutvalet sin uttale blir å legge fram for kommunestyret til orientering.

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)



Dato: 23.03.2006  
Arkivref: 2005/631-2238/2006

Saksbeh.: Dag Flacké

| Saksnr | Utval         | Møtedato   |
|--------|---------------|------------|
| 18/06  | Formannskapet | 27.03.2006 |
| 15/06  | Kommunestyret | 27.03.2006 |

## **Kai på Ørsneset**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

#### **Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 27.03.2006**

Behandlingsinformasjon:

Brev av 27.3.2006 frå adv. T. Langva vart utdelt. Dokumentet vart unnateke offentlegheit.

Rådmannen fremja slikt forslag til nytt punkt 2d i høve til utkast til vedtak:

Det må framleggast eit utkast til selskapsavtale for Hole Anleggsteknikk AS.

Rådmannen fremja eit nytt punkt 5 i høve til utkast til vedtak:

Ved å bruke budsjetterte midlar til kai til kjøp av aksjar vil kommunen få ein budsjettmessig svikt i momskompensasjon. Denne svikten vert dekt mot reservar på ansvar 1.100.1007.

Etter drøftingane vart det sett fram eit samla forslag, som formannskapet samrøystes tilrådde.

Vedtak:

Formannskapet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret 13.2.06 knytt til interpellasjon og planane for vidareutvikling på godsterminaltomta. Kommunestyret ser det også viktig at ein kan bidra til å legge tilhøva til rette for utvikling av næringslivet i Sykkylven.
2. Etter ei samla vurdering av ulike alternativ når det gjeld å skaffe bygda ei ny allmenningskai, har kommunestyret kome fram til at ein aksepterer det framlagde prospektet frå Hole Anleggsteknikk AS. Alternativet om å lyse ut prosjektet etter reglane for offentlege innkjøp fell etter kommunestyret sine vurderingar bort, jfr. avtale mellom Hole Anleggsteknikk AS og Møre Eiendom AS om disposisjonsrett til grunnen der kaia skal ligge og til avtale mellom J P. Tynes AS og Hole Anleggsteknikk AS om fyllmasse og til avtale om at Hole Anleggsteknikk AS skal stå for utsprenging, opplasting og transport av denne fyllmassa. (Avtalane ligg ved saka).
3. Kommunestyret sluttar seg ikkje til saksutgreiinga side 2 der det framgår at "Intensjonen med å bygge ut ny allmenningskai i Sykkylven på denne måten er å unngå reglane om offentleg innkjøp".
4. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne formelle avtalar.
5. Kostnadene med prosjektet må innpassast i økonomiplan og framtidige budsjett.
6. Kommunestyret føreset at det i tide vert fremja aktuelle saker knytt til prosjektet. Dette omfattar m.a. storleik og dimensjonering av kai, framtidig status for tilkomstveg, forretningsplan

med m.a. driftskostnader knytt til kai, framtidig organisering for kaidrift og mogleg anna utvikling knytt til nytt kaianlegg.

7. Det må framleggast eit utkast til selskapsavtale for Hole Anleggsteknikk AS.
8. Ved å bruke budsjetterte midlar til kai til kjøp av aksjar vil kommunen få ein budsjettmessig svikt i momskompensasjon. Denne svikten vert dekt mot reservar på ansvar 1.100.1007.

### **Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 27.03.2006**

Behandlingsinformasjon:

Dokument lagt på bordet:

Formannskapet si tilråding.

Brev/internt notat av 27/3 frå adv. Torgeir H.Langva.

Normann Hole frå Hole Anleggsteknikk A/S orienterte og svara på spørsmål.

Venstre la fram forslag om å utsette saka, med grunnlag i 4 punkt:

1. Saka har kome svært raskt utan normale høve til vurdering av konsekvensar og ulike alternativ
2. Dei økonomiske konsekvensane er ikkje utgreidd
3. Det er uklart om framgangsmåten er i strid med reglane om off. innkjøp
4. Saka har ikkje vore handsama i Nærings- og utviklingskomiteen. Kommunestyret ber administrasjonen fremje saka på nytt når punkta over er gjennomført.

Venstre trekte forslaget sitt.

Venstre og SV sette fram nytt forslag om utsetting av saka:

Som tidlegare 4 punkt foreslått av Venstre, og i tillegg:

5. Avklare driftskostnader
6. Avklare kommunen sitt formelle og økonomiske ansvar

Ved avrøysting over utsettingsforslaget fekk dette 5 røyster og fall.

Det vart halde gruppemøte 5 min.

Ved endeleg avrøysting fekk formannskapet si tilråding 22 røyster, 6 røysta mot.

Vedtak:

1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret 13.2.06 knytt til interpellasjon og planane for vidareutvikling på godsterminaltomta. Kommunestyret ser det også viktig at ein kan bidra til å legge tilhøva til rette for utvikling av næringslivet i Sykkylven.
2. Etter ei samla vurdering av ulike alternativ når det gjeld å skaffe bygda ei ny allmenningskai, har kommunestyret kome fram til at ein aksepterer det framlagde prospektet frå Hole Anleggsteknikk AS. Alternativet om å lyse ut prosjektet etter reglane for offentlege innkjøp fell etter kommunestyret sine vurderingar bort, jfr. avtale mellom Hole Anleggsteknikk AS og Møre Eiendom AS om disposisjonsrett til grunnen der kaia skal ligge og til avtale mellom J P. Tynes AS og Hole Anleggsteknikk AS om fyllmasse og til avtale om at Hole Anleggsteknikk AS skal stå for utsprenging, opplasting og transport av denne fyllmassa. (Avtalane ligg ved saka).
3. Kommunestyret sluttar seg ikkje til saksutgreinga side 2 der det framgår at "Intensjonen med å bygge ut ny allmenningskai i Sykkylven på denne måten er å unngå reglane om offentlig innkjøp".
4. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne formelle avtalar.
5. Kostnadene med prosjektet må innpassast i økonomiplan og framtidige budsjett.

6. Kommunestyret føreset at det i tide vert fremja aktuelle saker knytt til prosjektet. Dette omfattar m.a. storleik og dimensjonering av kai, framtidig status for tilkomstveg, forretningsplan med m.a. driftskostnader knytt til kai, framtidig organisering for kaidrift og mogleg anna utvikling knytt til nytt kaianlegg.
7. Det må framleggast eit utkast til selskapsavtale for Hole Anleggsteknikk AS.
8. Ved å bruke budsjetterte midlar til kai til kjøp av aksjar vil kommunen få ein budsjettmessig svikt i momskompensasjon. Denne svikten vert dekt mot reservar på ansvar 1.100.1007.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Formannskapet har i møte 20. mars 2006 drøfta seg fram til slikt samrøystes vedtak:

*"Formannskapet viser til orientering ved ordføraren når det gjeld sak om kai på Ørsneset og ber administrasjonen fremje sak til kommunestyret 27. mars i tråd med dei signala som formannskapet gav under møtet."*

Sykkylven kommune har mottatt ein invitasjon frå Hole Anleggsteknikk AS (HA) ved Norman H. Hole om å gå inn som aktiv deltakar i eit prosjekt for å realisere bygging av ny almenningsskai på Ørsneset (sjå vedlegg). Det er Hole Maskin AS som i dag eig 100% av Hole Anleggsteknikk AS.

Bakgrunnen for planar om nytt kaianlegg er at Sykkylven kommune (SK) har vedtatt å selje godsterminalen med kaianlegg på Aure i Sykkylven sentrum.

### Saksopplysning

HA ynskjer å etablere eit prosjekt som skal erstatte kaianlegget på Aure, og er tenkt å stå for alt arbeid som er knytt til utbyggingsprosjektet, inkludert planlegging og gjennomføring med omsyn på

- reguleringsarbeid
- grunnnerverv
- etablering av tilkomst
- utfylling og bygging av kai

Ein del av bakgrunnen for dette prosjektet er også at J.P. Tynes AS har sett i gong utviding av sitt industriområde på Øvre Tynes. Denne utvidinga gir tilgang på steinmasse som er godt egna til å fylle ut i sjøen, og gi godt grunnlag for bygging av kai.

J.P. Tynes har engasjert Hole Maskin AS til å stå for arbeidet med utviding av industriområdet og bortkøyring av masse.

HA har gått inn på ein intensjonsavtale med Møre Eiendom AS (ME), med målsetting om å bygge almenningsskai på Møre Øst med vassdjupne minimum 10 meter ved fjøre sjø, ved bruk av tilgjengeleg steinmasse frå industriområdet til J.P. Tynes AS (sjå vedlegg).

Avtalen går ut på at ME gir HA løyve til å fylle ut masse frå sjøfronten og er villige til å avstå grunn og fri tilkomst over industriområdet.

Vilkåra for denne intensjonsavtalen er:

- HA står for kostnadene ved utbygging
- HA sørgjer for ny avkøyring frå riksveg 60
- Utfylling skal plastrast og grusast slik eksisterande sjøfront er i dag
- HA kjøper nødvendig areal for kaiområde til marknadspris når kai er ferdig bygd
- Betale marknadsleige til ME for moglege areal ut over det som blir kjøpt

Intensjonsavtalen mellom HA og ME vil blir skriven under når det blir klart om Sykkylven kommune går inn som partnar i prosjektet.



HA er i dag eigd 100% av Hole Maskin AS.

Det ligg inne som ein føresetnad at J.P. Tynes AS skal gå inn som medeigar i HA med 50% av aksjane, og betale for desse aksjane med verdien av steinmassen.

HA og J.P. Tynes AS ynskjer at SK skal gå inn i prosjektet som aktiv deltakar. Ein har forslag om at SK kjøper 20% av aksjane til overkurs i 2006. Prisen for 20% av aksjane setjast til kr. 1 million. SK får tilbod om plass i selskapet sitt styre.

Innskote kapital i selskapet skal nyttast til å gjennomføre prosjektet sin første fase.

Første fase vil innebere fullstendig prosjektering, reguleringsplanar, grunnnerverv og tilkomst gjennom ny veg til kaiområdet. Vidare vil første fase innebere fylling av steinmasse.

I fase 2 tenkjer ein seg å gjennomføre ein retta nyemisjon der SK, eventuelt saman med andre partnarar, betalar ca. kr. 1 million for nye 20% av aksjane.

Undervegs i fase 2 må ein ta stilling til kva type kai som endeleg skal byggjast.

Fase 1 og 2 reknar ein med skal kunne vere ferdig sommaren 2006.

Siste fase i prosjektet er bygging av kai og kjøp av grunn etter avtale med ME.

Sykkylven kommune skal i denne siste fasen dekke alle resterande kostnader mot å auke eigardelen til 60% av selskapet.

SK vil då ha kontroll og styring med selskapet. Det er ynskjeleg at det framleis skal vere private aktørar med som deltakarar i selskapet.

Intensjonen med initiativet frå HA, J.P. Tynes AS og ME er å utvikle eit selskap til å kunne drive kommersielt gjennom generering av inntekter frå kaidrift.

Initiativtakarane ser positivt på at ein vil kunne utarbeide aksjonæravtale som regulerer høva dersom selskapet skulle bli avvikla eller om nokre av eigarane vel å gå ut av selskapet, der fordeling av verdiar blir gjort etter innskoten kapital og ikkje etter eigarposisjonane.

Intensjonen med å bygge ut ny almenningsskai i Sykkylven på denne måten er å unngå reglane om offentlege innkjøp. Desse reglane vil gjere det vanskelegare for kommunen sjølv å bygge ny kai innanfor dei tidsfristane ein no står overfor, både i høve å gjere det mogeleg og avvikle godsterminal og kaidrift på Aure inneverande år, og i høve å kunne nytte tilgjengeleg steinmasse frå utvidinga til J.P. Tynes AS.

I Sykkylven kommune sitt budsjett for 2006 er det sett av ein million kroner til bygging av kai. Det er også budsjettert med 3,5 millioner kroner i sal av eigedom. Desse høva må sjåast i samanheng, sidan det ifylgje vedtak i kommunestyret er ein føresetnad at kommunen har ei ny almenningsskai før eigedomen der noverande kai er kan seljast.

## Vurdering

### Forskrift om offentlige anskaffelser

*Forskrift om offentlige anskaffelser (2001-06-15 nr. 616)* regulerer statleg, fylkeskommunal og kommunal forvaltning sine offentlege innkjøp, inkludert offentlegrettslege organ som i hovudsak er finansiert av statlege, fylkeskommunale og kommunale organ eller er underlagt desse organa sin kontroll.

Regelverket skal mellom anna ivareta leverandørane sine rettar og at konkurranse skal skje på like vilkår. Ein offentlig oppdragsgjevar er pliktig til å unngå at einskilde leverandørar får konkurransefortrinn. Regelverket skal sikre at det offentlege veljer sine leverandørar ut i frå økonomiske omsyn, og ikkje politiske.

Med offentlegrettslege organ meiner ein organ eller verksemd som er organisert i eigne rettssubjekt, og som står i ei nær tilknytning til det offentlege. Ein vil ved å inkludere slike organ, hindre at det offentlege kan påverke verksemdar sine val av leverandørar, for å sikre at vedtak blir gjort på økonomisk grunnlag.

Det er eit vilkår for at reglane om offentlege innkjøp skal gjelde at verksemda (offentlegrettslege organ) er finansiert med meir enn halvdelen frå det offentlege eller underlagt offentlig kontroll.

På bakgrunn av denne forståinga vil ein, etter rådmannen si vurdering, på den eine sida vanskeleg kunne nytte slik organisering som er foreslått i tilbodet frå HA for å unngå reglane om offentlege innkjøp. Det er i tilbodet ein intensjon at Sykkylven kommune skal finansiere utbygginga og samstundes ha kontroll over selskapet når utbygginga er slutført. Om ein legg intensjonen ved prosjektet til grunn, vil ein kome inn under føresetnaden om at eit offentlegrettsleg organ i eige rettssubjekt (eit aksjeselskap) skal vere underlagt reglane for offentlege innkjøp. Samstundes er HA ikkje eit offentlegrettsleg organ i dag. Ifylgje intensjonen vil det eventuelt vere tilfelle først etter at prosjektet er slutført.

På den andre sida har Sykkylven kommune ikkje eigen tilgong til den aktuelle tomte som er omfatta av tilbodet. Det inneber at Sykkylven kommune ikkje har noko grunnlag for å sette i gong ein eigen prosess med offentlege innkjøp for å bygge ny almenningsskai på den aktuelle tomte. Korleis denne situasjonen vil vere om prosjektet som er skissert i tilbodet frå HA ikkje let seg gjennomføre, kan ein no ikkje spekulere i.

Vurderingar av korleis reglane for offentlege innkjøp skal gjelde i denne konkrete saka må gjerast konkret i dette høvet etter ei samla vurdering.

### Økonomi og prioritering

Sykkylven kommune har budsjettert ein million kroner til investering i almenningsskai i 2006. Det er samstundes budsjettert med 200 000 kroner i momskompensasjon for denne investeringa. Det er ikkje noko i vegen for å nytte lånemidlar til kjøp av aksjar. Men dersom kommunestyret vedtar å kjøpe aksjar for denne budsjettposten, må ein redusere posten for momskompensasjon med kr. 200 000.

Det same vil vere gjeldande for framtidige kjøp av aksjar. Selskapet som skal stå for utbygginga har andre reglar for utgåande og inngåande meirverdiavgift, og vil få full kompensasjon for utgåande mva.

Det er ikkje sett av investeringsmidlar til kai i økonomiplanen. Intensjonen i tilbodet om deltaking i selskapet er at Sykkylven kommune skal betale ein million kroner i 2007 og dekke resterande kostnader ved utbygginga i 2007 eller 2008. Det er ikkje konkretisert kor mykje dette vil vere, men det er ut i frå samtalar med partane grunn til å rekne med at den samla investeringa vil ligge i ein storleik på fem millionar kroner. Det er då tenkt at Sykkylven kommune skal eige 60% av selskapet. Det inneber at Sykkylven kommune kjøper eigardelar i selskapet til overkurs. Dei økonomiske fylgjene av å gå inn i utbyggingsprosjektet må innarbeidast i økonomiplan og framtidige budsjett. Det inneber at andre investeringar må nedprioriterast.

Sykkylven kommune er registrert i ROBEKregisteret, og treng godkjenning av budsjett, økonomiplan og låneopptak frå Fylket. Fylket har retta merksemd mot kommunen sine lånefinansierte investeringar, og krev at ein reduserer omfanget av lånefinansierte investeringar med fem millionar kroner i 2006. Fylket peiker også på at Sykkylven kommune har ei samla lånegjeld i prosent av driftsinntektene på 106,3%. Gjennomsnittet for kommunane i fylket er 94,2%. Fylket peiker på at i den økonomiske situasjonen Sykkylven har vore i dei seinare åra, er det lite tenleg for kommunen å ha eit slikt omfang på låneopptaka som budsjettet for 2006 syner, og bør ikkje auke nemneverdig meir enn ein betalar i avdrag.

Det er så langt ikkje blitt konkretisert korleis ein tenkjer seg å drifte selskapet etter at ei utbygging av ny almenningsskai er slutført. Dersom finansieringa av utbygginga skjer gjennom innskot av aksjekapital, treng det ikkje vere store driftsutgifter i selskapet, med unntak av avskrivning av verdiane på kaia. Sykkylven kommune vil likevel ha driftsutgifter i form av betaling av renter og avdrag på aksjekapitalen.

Det er gitt signal om at dei framtidige verdiane i selskapet skal fordelast etter kor store innskot den einskilde part har gjort, og ikkje etter eigardelane. Dette ynskjer ein å formalisere i ein aksjonæravtale.

Dei private partnarane i selskapet ynskjer i utgangspunktet å behalde ein eigardel. Dei ynskjer å vere med på å utvikle eit kaiselskap som skal ha økonomisk formål, det vil sei at ein ynskjer å generere inntekter gjennom drift av selskapet. Samstundes ser ein at det kan vere rett og naudsynt at Sykkylven kommune har formell kontroll over selskapet, sidan det er i allmenn interesse at ein sikrar dei offentlege investeringane.

Industri- og næringslaget har nedsett eit utval som skal sjå nærmare på korleis ein kan skape kommersiell drift ved eit nytt kaianlegg på Ørsnes. Det er ikkje registrert interesse mellom næringsdrivande i Sykkylven for å bygge ut ny almenningsskai åleine.

Det har tidlegare vore ein dialog mellom Sykkylven kommune og Møre Eiendom AS om utbetring av eksisterande kai på Møre Eiendom AS sitt anlegg. Ein slik avtale ville kunne gå ut på at Møre Eiendom AS står for investeringane, som ein reknar med skal vere i storleik ein og ein halv million kroner, og at Sykkylven kommune betalar tilbake for denne investeringa gjennom ein årleg leige på 10% av investeringa.

Ei utbetring av denne kaia vil vere rimelegare for kommunen, men ein vil ikkje få eit like godt tilbod. Det er vesentleg grunnare utanfor denne kaia, og det vil vere avgrensa kor mykje trafikk og lagerplass Møre Eiendom AS vil tillate på eigedomen.

### Oppsummering

Hole Anleggsteknikk AS har sendt tilbod til Sykkylven kommune om å vere med i utbygging av ny almenningsskai på Ørsnes. Hole Maskin AS eig i dag 100% av Hole Anleggsteknikk AS, men det er intensjonar om at J.P. Tynes AS skal kjøpe halvpartane av aksjane med verdien av steinmasse som blir gravd ut frå deira nye industriområde.

Denne steinmassen ynskjer ein å nytte til utfylling for kai dersom Sykkylven kommune blir ein partner i prosjektet.

Sykkylven kommune skal betale kostnadane ved utbygginga, som ein kan rekne med vil koste totalt ca. fem millionar kroner. Sykkylven kommune får ein eigardel i selskapet på 60% for desse investeringane.

Det er ikkje laga planar for drift av selskapet etter at utbygging av almenningsskai er slutført, og korleis det økonomiske ansvaret skal vere, men ei arbeidsgruppe bestående av næringslivsaktørar i kommunen vil sjå på dette framover.

Det er uavklart om reglane for offentlege innkjøp vil vere til hinder for at Sykkylven kommune kan vere med i prosjektet. Det vil vere ei konkret vurdering som vil avklare dette endeleg.

Sykkylven kommune har ikkje avsett midlar til slike investeringar i økonomiplanen, bortsett frå ein million kroner i 2006.

Sykkylven kommune har vedtatt å legge til rette for at det blir bygd ny almenningsskai, slik at kaiområdet på Aure kan frigjevast for sal. Det er budsjettert med tre og ein halv million kroner i salsinntekter frå sal av kommunale eigedomar i 2006. Det er så langt ein velt ingen private interesser som vil stå for utbygging av ny almenningsskai i Sykkylven åleine.

Sykkylven kommune har ein vanskeleg økonomi og må få godkjenning av budsjett, investeringar og låneopptak frå Fylket. Fylket er kritisk til at kommunen ikkje reduserar dei lånefinansierte investeringane.

Rådmannen kan sjå både positive og mindre positive sider ved denne saka.

Kommunen ynskjer å vere med å legge til rette for positiv næringsutvikling. Det vil vere viktig for Sykkylven kommune å ha ei almenningsskai. Kommunestyret har vedtatt å avvike eksisterande kai på Aure så snart ny almenningsskai er etablert. Det å få ei løysing på problemet med å etablere ny almenningsskai vil også gi grunnlag for å kome vidare i saka om sal av godsterminaltomta.

Rådmannen ser positivt på at private aktørar har engasjert seg for å få til ei løysing som både kan vere god for kommunen og for næringsdrivande. Ein vil med dette tiltaket legge til rette for nye industriområde. Ein vil kunne legge til rette for framtidige inntekter gjennom t.d. turisme og mottak av turistbåtar, sjølv om dette enno er eit svært usikkert moment.

På den mindre positive sida kan ein peike på at det er mykje usikkerheit knytt til økonomi. Omfanget på investeringskostnadane er usikkert. Dei driftsøkonomiske ansvarshøva er uavklara. Det er usikkert om selskapet vil generere inntekter.

Vidare er det uavklara kva status tilkomstveg og kai skal ha.

Rådmannen vil også peike på at dette prosjektet ikkje har vore ein del av dei samla prioriteringane ein har lagt for drift og utvikling av kommunen. I ein slik økonomisk situasjon kommunen er i, er dette i seg sjølv eit problem.

Med atterhald om at den aktuelle selskapskonstruksjonen for prosjektet er lovleg i høve reglar for offentlege innkjøp, vil rådmannen alt i alt vere positivt i høve invitasjonen til å delta i prosjektet om bygging av ny almenningsskai på Ørsnes.


Dersom formannskapet er positive til saka, kan slikt framlegg til vedtak vere aktuelt:

1. Kommunestyret må vise til at denne saka kjem framsvært raskt og utan normale høve til vurderingar av konsekvensar og ulike alternativ. Samtidig er ikkje dei langsiktige økonomiske konsekvensane klare og innpassa i økonomiplan. Kommunestyret må likevel vise til sitt vedtak i møte 13.2.06 knytt til interpellasjon, og planane for vidare utvikling på godsterminaltomta. Kommunestyret ser det også viktig å bidra til å legge tilhøva til rette for utvikling av næringslivet.
2. Sykkylven kommunestyre aksepterer det framlagde prospektet frå Hole Anleggsteknikk AS med slike atterhald:
  - a. Det må klargjerast at prosjektet for kommunen ikkje er i strid med reglane om offentlege innkjøp.
  - b. Det må framleggast underteikna intensjonsavtale mellom Møre Eiendom AS og Hole Anleggsteknikk AS.
  - c. Det vert gitt nødvendige løyve knytt til ny avkøyring til RV 60, utfylling i sjø og avtalar om grunnavståing og eventuelt anna.
3. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne ein formell avtale ut frå pkt. 2 ovanfor.
4. Kontrakten med prospektet må innpassast i økonomiplan og framtidige budsjett.
5. Kommunestyret føreset at det i tide vert fremja aktuelle saker knytt til prosjektet. Dette omfattar m.a. storleik og dimensjonering for kai, framtidig status for tilkomstveg, driftskostnader knytt til kai, framtidig organisering for kaidrifta og mogeleg anna utvikling knytt til nytt kaianlegg.

Erling Solsletten  
rådmann

#### Vedlegg

- 1 Møre Eiendom intensjonsavtale Hole Anleggsteknikk
- 2 Sykkylven kommune tilbud om kai

Rett utskrift;  
  
Ingvunn Hole Hennes, utvalssekr.

HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS  
6220 STRAUMGJERDE

Sykkylven Kommune  
Att:

6230 Sykkylven

STRAUMGJERDE, 1. Jun 2006

Kal Ørsneset

Viser til sak 18/6 i formannskapet og 15/6 i kommunestyret.

Vi har nå starta arbeidet og bygd ny tilkomst til industriområde på Aursneset. Det er kjøpt grunn av Hildur Lillevik og Jan Fredriksen, samt at naustølgerane i området har fått ny tilkomst. Vegen vil bli brukt som anleggsveg fram til fyllingsarbeidet er ferdig. Den vil då bli asfaltert og avkjøringa i dag som går til området vil bli stengt.

Totalkostnadene for prosjektet vil bli :

Kal Ørsneset

|                                 | Sum     |
|---------------------------------|---------|
| Grunnkjøp Hildur Lillevik       | 165000  |
| Grunnkjøp Jan Fredriksen        | 24000   |
| Opparbeiding av tilkomstveg     | 490000  |
| Sum grunnlagsinvesteringer      | 679000  |
| Utfylling 30000*50              | 1500000 |
| Oppgrusning/ Infrastruktur      | 321000  |
| Type cruisekal (start på denne) |         |
| Kal 15*18 m (18 m kalfrønt)     | 3000000 |
| Sum totalkostnader              | 5500000 |

HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS  
6220 STRAUMGJERDE

Prosjektet vil få et totalramme på maks 5,5 millioner kroner.  
Dette er priser ekskl. mva. men momsen vil bli refundert til firmaet.

Vi vil derfor utifrå vedtaka be om at det blir en nyemisjon på kr 1 millioner kroner og at dere gjør nødvendige vedtak for å kunne gjennomføre dette.

Med vennlig hilsen  
Hole Anleggsteknikk AS

*Norman Hole*  
Norman Hole

Støttelse på kaien

Kaist festing


Pullester på sida av kaien for  
store båter

- kostnad

Retta emisjon -  
invest og finansiering av 1 mill.

Skjema pr.

Aksjerørret / Selskapsret.



Notat: Møte i "kaigruppe"  
 Dato: 2. juni 2006  
 Deltakere: Jan Kåre Aurdal, Olav Harald Ulstein, Tor Rieve Kristiansen,  
 Normann Hole, Leif Jarle Aure, Arne Mehl

**Tema: Almenningskai i Sykkylven –anbefaling Sykkylven kommune.**

Normann Hole orienterte om status i prosjektet, hvor en nå er kommet godt i gang med massefylling i sjøen. Dette forventes å være fullført til fellesferien.

Ferdigstilling av adkomstveg til industriområdet med tilhørende arrondering, asfaltering og beplantning ville bli utført på ettersommer / høst.

Utbyggingselskapet har presentert et utbyggingsalternativ for Sykkylven kommune som er i tråd med tidligere planer og gjennomførbart innenfor tidligere omtalt kostnadsramme. Dette alternativet omfatter en kai front / lengde på 18m og en kaibredde på 15 m totalt 270 m<sup>2</sup> kaiflate. Dette alternativet vil kunne fungere godt som almenningskai til en total kostnad på 5.5 mill. inkl. tilførselsveier med mer slik prognosen var.

Alternativet er imidlertid betydelig mindre enn Aurekaia som er 30 m. Det er også klart at kaia vil ha et begrenset utviklings- og inntektspotensial sett i relasjon til det som skjer og nye muligheter. Den vil ikke kunne påregnes å være aktuell for turistbåter.

Det er en løpende dialog med Ekornes som skal utvide sin kai i løpet av høsten. Hensikten er å prøve å samkjøre utbyggingene. Dette vil ha en gunstig økonomisk effekt for begge parter da en kan utføre begge oppdragene med felles riggplass og en riggekostnad. En eventuell utvidelse vil også kunne gjennomføres til en relativt gunstig kostnad.

Kaigruppen har vurdert muligheter og behov, og det synes helt klart at en bør justere løsningene for å åpne for betydelige nye muligheter. Basert på utviklingen i Cruisetrafikken, begrensninger og risikofaktor knyttet til verdsarvområdet og et antatt økende avlastningsbehov, tror gruppen at et kaialternativ som kan ta imot cruisetraffikk er en strategisk riktig og god løsning for Sykkylven.

Anbefalingen fra kaigruppen blir derfor følgende:

Planen for ny almenningskai i Sykkylven utvides til også å kunne ta imot cruisetraffikk. Det anbefales derfor at en utvider planen til et alternativ 2 som omfatter en 2-delt kailøsning med hovedkai og servicekai på henholdsvis 28 m + 14 m til en samlet kostnad på kr. 9,1 mill eller en investeringsøkning på 3600.000.

Subsidiært øker kailengdene til henholdsvis 35 m og 21 m til en samlet kostnad for hele anlegget på 10,9 mill.

Sykkylven Næringsutvikling AS

---

Arne R. Mehl  
 Daglig leder

Sykkylven Næringsutvikling AS  
 Postadresse Pb 190, 6239 Sykkylven, besøksadresse Storgata  
 Telefon 70252780, telefaks 70251326, e-post post.a@online.no  
 Organisasjonsnr 954739651

# HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS

## VEDTEKTER PR 7. JUNI 2001

- § 1 Selskapets navn er Hole Anleggsteknikk AS.
- § 2 Selskapets forretningskontor er i Sykkylven.
- § 3 Selskapets aksjekapital er kr. 140.000 fordelt på 28 aksjer a kr. 5.000,- fullt innbetalt.
- § 4 Selskapets formål er entreprenørvirksomhet samt alt hva hermed står i forbindelse, herunder deltagelse i andre selskap.
- § 5 Selskapets styre skal ha fra 1 til 3 medlemmer etter generalforsamlingens nærmere beslutning. Firmaet tegnes av styret formann.
- § 6 Den ordinære generalforsamling skal behandle:
- fastsettelse av resultatregnskap og balanse
  - anvendelse av overskudd og dekning av underskudd
  - valg av styre
  - andre saker som etter lov og vedtekter hører under generalforsamlingen.
- § 7 Forøvrig henvises til den til enhver tid gjeldende aksjelovgivning.





Indre Sunnmøre likningskontor  
Postboks 143, 6201 STRANDA

# Utskrift fra Aksjonærregisteret

HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS  
6220 STRAUMGJERDE

7. desember 2004

AS organisasjonsnummer 951 237 671  
Navn HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS  
Aksjeklasse Ordinære aksjer

## Levert aksjonærregisteroppgave 2003

Vediagt følger en utskrift av nøkkelopplysninger som Aksjonærregisteret har mottatt i siste års aksjonærregisteroppgave. Oppgaven er godkjent.

|   |            |
|---|------------|
| Aksjekapital for hele selskapet             | 140 000,00 |
| Aksjekapital per ISIN/aksjeklasse           | 140 000,00 |
| Pålydende per aksje                         | 5 000,00   |
| Antall aksjer per ISIN/aksjeklasse          | 28         |
| Innbetalt aksjekapital per ISIN/aksjeklasse | 140 000,00 |
| Innbetalt overkurs per ISIN/aksjeklasse     |            |

### Aksjonæropplysninger

| Aksjonæridentifikasjon | Navn             | Antall aksjer per 31.12.2003 |
|------------------------|------------------|------------------------------|
| 953 180 832            | HOLE MASKINER AS | 28                           |

96940 20041207 14:36

111103



Postadresse  
Postboks 143  
6201 STRANDA

Kontoradresse  
Møregt. 11  
STRANDA

Sentralbord  
70 26 82 20

Telefaks  
70 26 82 21



HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS  
6220 STRAUMGJERDE

### Informasjon om opplysningar i RISK-registeret

Til orientering sender vi opplysningar om RISK-beløp mm i RISK-registeret for Dykkar selskap. RISK-registeret er eit sentralt register i Skattedirektoratet som inneheld opplysningar om dei årlege fastsette RISK-beløpa i norske aksjeselskap, verdi-papirfond, grunnfondsbevis i sparebankar, om justeringsfaktorar og om alternative inngangsværdiar per 1. januar 1992 for selskap som er stifta før 1989. Sjå baksida for informasjon om elektronisk aksjonærregister.

#### RISK-opplysningar per 1. januar 2005:

| Talet på aksjar | Pålydande | RISK per aksje |
|-----------------|-----------|----------------|
| 28              | 5 000,00  | 0,00           |

#### RISK-opplysningar for tidligere år:

| Talet på aksjar | Pålydande | RISK per aksje |                    |
|-----------------|-----------|----------------|--------------------|
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 2004 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 2003 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 2002 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 2001 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 2000 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 1999 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 1998 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 1997 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 1996 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 1995 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 1994 |
| 28              | 5 000,00  | 0,00           | per 1. januar 1993 |

#### Alternative inngangsværdiar per 1. januar 1992 (gjeld selskap stifta før 1989):

| Pålydande | Skattemessig formues-verdi per aksje | Rekneskapsmessig kapital per aksje | Takst per aksje |
|-----------|--------------------------------------|------------------------------------|-----------------|
|           | 3 228                                | 3 232                              | Ikkje fastsett  |

#### Justeringsfaktor (til bruk for omfordeling av RISK):

| Justeringsstype: | Fusjon/fisjon med organisasjonsnr: | Justeringsdato: | Justeringsfaktor: |
|------------------|------------------------------------|-----------------|-------------------|
|                  |                                    |                 | Ikkje registrert  |

Selskapet pliktar ikkje lenger å sende melding til aksjonærane om RISK per aksje. Aksjonærane vil få melding frå Aksjonærregisteret, sjå baksida.

Spørsmål og meldingar om feil skal rettast til likningskontoret i hovudkontorkommunen, eller til Sentralskattekontoret for storbedrifter.

## 12. Tvister

Enhver tvist mellom aksjeeiere skal søkes løst gjennom forhandlinger. Dersom ikke forhandlingene fører fram innen 3 måneder, skal tvisten løses ved voldgift etter bestemmelsene i lov om voldgift.

Sykkylven, 08.06.2006

.....  
Hole Maskin AS

.....  
J. P. Tynes AS

.....  
Sykkylven kommune  
ordfører

markedspris på tilbudstidspunktet. Ved fastsettelse av markedspris skal det gjøres fradrag for den kapital som Sykkylven kommune har skutt inn i selskapet.

Dersom partene ikke blir enige om markedsverdien på aksjene, oppnevnes en nøytral revisor som skjønnsmann. Den nøytrale revisoren kan ikke være selskapets revisor. Dersom partene ikke blir enig om valg av skjønnsmann, velger partene hver sin skjønnsmann som igjen velger en tredje skjønnsmann. Utgifter til skjønnfastsettelse dekkes av selskapet.

Når verdien på aksjene er fastsatt, må de aksjeeiere som ønsker å selge sine aksjer meddele dette skriftlig innen 30 dager. Oppgjør skal finne sted innen 30 dager etter at aksjeeieren har meddelt at han vil selge.

#### 7. Avvikling av selskapet/ utløsning av aksjonærer

Oppløsning og avvikling av selskapet krever enstemmighet blant aksjonærene, og skal skje etter aksjelovens bestemmelser jfr. kap. 16. Sykkylven kommune har fremfor at avvikling gjennomføres, rett til å overta samtlige aksjer i selskapet i tråd med de prinsipper som er nedfelt i pkt. 6.

Ved avvikling/ oppløsning har aksjonærene rett til utdeling etter aksjel. § 16-9 i tråd prinsippet under pkt. 6, 1.ledd.

#### 8. Lån til selskapet

Dersom selskapet likviditet gjør det nødvendig, plikter aksjeeierne å være ansvarlig långivere etter samme forhold som aksjefordelingen. Det kreves enstemmig styrevedtak for slike lån.

Ansvarlig lån forrentes ikke, unntatt i de tilfeller en aksjeeier frivillig gir lån større enn sin andel i forhold til aksjeandel. Slikt lån forrentes opp til den til enhver tid beste markedsrente for innskudd.

Tilbakebetaling av lån til aksjeeierne skal skje så snart dette er økonomisk forsvarlig og krever enstemmig styrevedtak. Det kan ikke utbetales utbytte før alle lån til aksjeeierne er fullt innfridd.

#### 9. Pantsettelse av aksjer

Aksjeeierne har ikke rett til å pantsette sine aksjer til sikkerhet for egne lån uten styrets samtykke.

#### 10. Endringer og opphør

Opphør eller endringer i denne avtale forutsetter enighet blant aksjeeierne. Eventuelle endringer eller tillegg til denne avtale skal være skriftlig og skal ha samtlige aksjeeieres underskrift.

#### 11. Mislighold

Dersom en aksjeeier gjør seg skyldig i vesentlig mislighold av denne avtalen eller foretar disposisjoner for å skade selskapet, har de øvrige aksjeeierne rett til å kreve at hans aksjer selges til selskapet for videresalg til bestående eller nye aksjeeiere. Verdien av aksjene fastsettes av selskapets revisor. Dersom partene ikke aksepterer revisors verdifastsettelse velger hver part sin skjønnsmann som igjen velger en tredje skjønnsmann. Utgifter til skjønnfastsettelse dekkes av selskapet.

Sykkylven kommune skal ved emisjon (fase 2 utfylling av stein i sjø) ha plikt til å øke sin aksjeandel til 40 % av selskapets aksjer mot innbetaling av kr. 2.000.000,- - tomillionerkroner-

Aksjonærene er enige om at emisjonen skal skje pr. 01.01.2007, eller tidligere dersom partene er enige om dette.

I siste fase av prosjektet (kaibygging) skal Sykkylven kommune ved ny emisjon ha plikt til å øke sin aksjeandel til 60 % aksjene mot innbetaling av kr. 2.500.000,- - tomillionerfemhundredetusen-Emisjonen skal finne sted 01.01.2008 eller tidligere dersom partene er enige om dette.

Det kreves enstemmighet blant aksjonærene med hensyn til hvilke nye samarbeidspartnere som skal innbys til å tegne nye aksjer.

Eksisterende aksjonærer forplikter seg til å frafalle rettigheter til forkjøp som kan stride mot intensjonene i herværende punkt, jf. aksjelovens §§ 10-1, 1.ledd jf. § 10-4.

#### 5. Aksjeeiers forkjøpsrett

Ved overdragelse av aksjer har de øvrige aksjeeiere forkjøpsrett. Når selskapet mottar melding om at aksjer er avhendet eller ønskes avhendet, skal det straks varsle de øvrige aksjeeierne. Forkjøpsretten utløses ved enhver form for eierskifte.

Alle aksjeeiere har samme prioritet i forhold til retten å overta aksjen eller aksjene. Når forkjøpsretten utøves av flere aksjeeiere i selskapet, fordeles aksjene i forhold til det antall aksjer disse aksjeeierne har fra før. Aksjer som ikke kan fordeles likelig, skal overtas av Sykkylven kommune dersom kommunen ønsker dette. Hvis ikke fordeles aksjen(e) mellom aksjeeierne ved loddtrekning.

Forkjøpsretten gjøres gjeldende ved melding til selskapet. Meldingen må være kommet frem til selskapet senest to måneder etter at selskapet fikk melding om eierskiftet. Forkjøpsretten gjelder på ellers like vilkår. Dersom det er gitt meddelelse om at det foreligger gave eller gavesalg, eller det bestrides at den oppgitte kjøpesum er reell, skal innløsningssummen fastsettes etter aksjens virkelige verdi på det tidspunktet kravet er fremsatt. Oppnås ikke enighet om innløsningssummen innen den samme frist som er fastsatt for å gjøre forkjøpsretten gjeldende, avgjøres dette ved skjønn. Dersom partene ikke blir enig om valg av skjønnsmann, velger partene hver sin skjønnsmann som igjen velger en tredje skjønnsmann. Utgifter til skjønnsfastsettelse deles av partene.

Løsningssummen skal betales innen en måned etter at kravet om forkjøpsrett ble fremsatt eller i tilfelle innen to uker etter at tvist om innløsningssummen er bindende avgjort.

Nye aksjeeiere krever samtykke fra samtlige aksjeeiere. Nye aksjeeiere forutsettes å tiltre denne avtale.

#### 6. Tilbudsplikt

Dersom Sykkylven kommune øker sin andel til mer enn 66,66% av aksjene, plikter aksjeeieren innen 30 dager å gi tilbud på å kjøpe ut de øvrige aksjeeierne fastsatt etter aksjens

# AKSJEEIERAVTALE

mellom

aksjeeierne i HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS

Denne aksjeeieravtale er inngått mellom samtlige aksjeeiere i HOLE ANLEGGSTEKNIKK AS, og skal til enhver tid gjelde alle aksjene i selskapet.

Avtalen er etablert for å sikre selskapets intensjoner om å prosjektere, bygge og i siste fase, drive allmenningskai i Sykkylven kommune.

## 1. Innbetaling av kapital

Hole Maskin AS og J. P. Tynes AS eier ved inngåelsen av herværende avtale 50 % hver av selskapets aksjer. (280 aksjer à kr. 1.000,-). Aksjekapitalen utgjør kr. 280.000,- fordelt på 280 aksjer à kr. 1.000,-.

Sykkylven kommune skal ved nyemisjon, (fase 1 grunnkjøp/veibygging) tegne seg for en aksjepost tilsvarende 20 % av aksjene i selskapet. Hole Maskin AS og J. P. Tynes sin andel reduseres med 10 % på hver. Aksjene skal betales kontant med kr. 1.000.000,- - en million kroner,-.

Selskapets aksjekapital skal etter den totale kapitalutvidelsen utgjør kr. 700000,- fordelt på 700 aksjer à kr.1.000,-. Det resterende oppgjør utgjør overkurs. jmf. punkt 4.

Beløpet forfaller tilbetaling senest 1 måned etter at kommunens organer formelt har akseptert herværende avtale.

## 2. Styrerepresentasjon

Styret skal ha 3 representanter, med representasjon fra hver av aksjeeierne i selskapet. Sykkylven kommune skal ha styreformannen.

Dersom det tilkommer ytterligere aksjonærer skal styret utvides i tråd med dette. Partene i herværende avtale forplikter seg til å stemme for endring av vedtektene i tråd med herværende avtale.

## 3. Avgjørelser som krever enstemmighet i styret

Styret skal fatte sine beslutninger ved enstemmighet i større saker. Som større saker skal regnes: Ansettelse, inngåelse av samarbeidsavtaler, budsjett, avtaler om innkjøp av varer og tjenester ut over det som trenges til daglig drift og andre saker av viktighet for selskapet og dets intensjon.

Styret skal særlig være oppmerksom på og rette seg etter de krav som stilles ved anskaffelser hvor det offentlige er involvert. Dette skal så langt det passer gjelde selv om bestemmelsene ikke kommer direkte til anvendelse på selskapet eller dets aksjonærer.

## 4. Avgjørelser som krever enstemmighet blant aksjeeierne

Aksjeeierne er kjent med og enige om at prosjektet forutsetter kapitalutvidelse hvor Sykkylven kommune og eventuelle andre konkrete samarbeidspartene, skal gis rett til å tegne aksjer i selskapet. Partene forplikter seg til å stemme i tråd med nedenstående retningslinjer:

Budsjettet for 2006 har elles føringar for sal av godsterminaltomta. Korleis den saka går er uklart.

Realiteten i det som her er teke opp er at kommunen har svært avgrensa midlar til nye investeringar utan at ein kan sette seg i ein vanskeleg likviditetsmessig situasjon. Ei ny investering i storleik 5,5 mill. kroner til kai i 2006 er då etter rådmannen si vurdering maksimalt.

Det kan vere enkelt å ynskje seg ei stor kai og at det kan vere rasjonelt og gunstig å samordne dette med anna kaiutbygging innan kommunen, men ein må ikkje gløyme dei økonomiske realitetane for kommunen.

Rådmannen kan på eit slikt grunnlag ikkje tilrå meir omfattande kaibygging enn ei kai med kaifront på 18 m. Ein talar då om ei kostnadsramme på 5,5 mill. kr.

Formelt er det Hole Anleggsteknikk AS som er utbygger. Dette selskapet styrer ikkje Sykkylven kommune. Ein må då styre gjennom avtaler eller utvida eigarposisjon. Kommunestyret kan såleis ikkje vedta større kaiutbygging no.

Kommunestyrevedtaket i sak 15/06 la opp til ei trinnvis kommunal oppbygging i Hole Anleggsteknikk AS med 1,0 mill. i 2007 og resten seinare.

Ein ser no at opplegget medfører at det i realiteten vert kommunen som må bere stordelen av investeringa. Ein kan då stille spørsmål ved om det kan vere like tenleg at Sykkylven kommune kjøper stordelen av aksjane i Hole Anleggsteknikk AS allereie no.

Når det gjeld J.P Tynes AS så omfattar saka eigardel i Hole Anleggsteknikk AS knytt til utfyllingsmasser, men dette firmaet kan også vere sentralt i ei vidare utbygging gjennom Hole Anleggsteknikk AS.

I aksjeeigaravtalen ligg eit betydeleg element av overkurs. Det kan kanskje vere mogleg å forhandle om det dersom kommunen no går tyngre inn på finansieringssida allereie frå starten av.

Etter ny vurdering og mogleg forhandling om kjøp av aksjar til redusert overkurs, meiner rådmannen at det kanskje kan vere mest tenleg å gå vidare etter framlagt aksjeeigaravtale.

Når kai er etablert kjem den viktige driftsfasen. Av aksjeeigaravtalen vil dette ansvaret då ligge til Hole Anleggsteknikk AS. Rådmannen meiner det er ein klar fordel at slik drift ikkje inngår i den ordinære kommunale drifta. At eit aksjeselskap står for slik drift betyr at ansvaret ligg til selskapet. At private interesse også er inne i eit slikt selskap medfører normalt sterkare fokus på forretningsmessig drift. Om ein skulle få ei løysing med cruisekai så vil det vere spesielt viktig.

Med Hole Anleggsteknikk AS som driftsansvarleg så må det vere opp til selskapet å avklare praktisk organisering (tilsette), driftsbudsjett, betalingssystem/avgifter, mm.

Om kommunen går inn i Hole Anleggsteknikk AS etter aksjeeigaravtalen så har kommunen rett til eit styremedlem med vara. Kommunestyret må då velje desse representantane.

Erling Solsletten  
rådmann

Gjennom Møre og Romsdal fylke er det etablert ei ordning der det har vore høve til å søkje om tilskot i samband med næringsmessig kaibygging.

## Vurdering

Dette er ei sak om oppfølging av vedtaket i k.sak 15/06. Dei aktuelle tema for saka er då:

- Kostnadar ved heile prosjektet og korleis dette skal finansierast.
- Kva slag kai skal byggast, storleik, pris mm.
- Avklaring av formelle tilhøve til Hole Anleggsteknikk AS som står som utbyggar og som disponerer rettar i området.
- Organisering av framtidig drift, kostnader og finansiering av framtidig drift.

Kommunestyret har gjennom vedtaket i k.sak 15/06 akseptert prospekt frå Hole Anleggsteknikk AS for å skaffe kommunen ei ny allmenningskai. Kommunestyret har også slutta seg til opplegg til avtale med Hole Anleggsteknikk AS og JP Tynes AS. Kommunen er også innforstått at det mellom Hole Anleggsteknikk AS og Møre Eigedom AS er inngått avtale knytt til rettar på Ørsneset.

Ny veg til industriområdet og kaiområdet er etablert, men denne vegen vert ikkje ferdigstilt før hausten 2006.

Basert på Hole Anleggsteknikk AS sitt brev av 010606 er det no tale om ein samla kostnad på 5,5 mill. kr eks. mva. Då ligg det inne i kostnadene bygging av ei kai med kaifront på 18 m og samla kaiareal på 270 m<sup>2</sup>. Kostnadene med denne kai inkl. fortøyningsanlegg (pullerter) er sett til kr 3,0 mill.

Ei slik kai må reknast å oppfylle krav til allmenningskai.

"Kaigruppa" har anbefalt at ein bygg ei større kai som også kan ta imot cruisetraffikk. Gruppa tilrår då ei todelt kai med h.h.v. 28 m kaifront og 19 m kaifront. Det vert då tale om ei samla investering på 9,1 mill.

Subsidiert kan kaifront lengden aukast til h.h.v. 35 m og 21 m. Då stig kostnadene til 10,9 mill. kr.

Realiteten i finansieringa av ei allmenningskai vil vere at det i all hovudsak vert kommunen som må bære kostnadene med utbygginga. Eit mogleg fylkeskommunalt tilskot kan redusere kommunen si løyving.

Det er elles antyda at ei stor utbygging for cruisetraffikk kan gi grunnlag for at andre større aktørar kan komme inn i prosjektet og også bidra i totalfinansieringa.

Kommunen har gjennom budsjett for 2006 sett av 1,0 mill. kr. Dette er formelt sett lånte midlar som ikkje kan nyttast til aksjekjøp. Utover det har kommunen reelt sett ingen andre midlar enn Tussamidlane. Tussamidlane kan kommunen på fritt grunnlag nytte til investeringstiltak.

Tussamidlane utgjer pr. 311205 formelt kr 35.689.721. På grunn av driftsunderskot over fleire år har ein indirekte nytta Tussamidlane som likviditetsreserve. Akkumulert driftsunderskot var pr. 311205 på kr 16.155.000.

Dette betyr at kommunen pr. 311205 reelt sett disponerer ca. 19,5 mill. kr.

Kommunen sine inntekter og utgifter svingar mykje frå månad til månad. Størst er differansen gjerne for juni månad då det ikkje er termin for rammetilskot, lite skatt og relativt store utbetalingar (feriepengar). Då må kommunen ha likviditet til å dekke løpande forpliktingar. Det er då ein trekkjer frå Tussamidlane. Utover dette har kommunen ein trekkrett i Sparebanken Møre på 5,0 mill. kr. Denne retten har ikkje vore nytta. Ein slik rett har ein kostnad om han vert nytta.

Økonomiplanen for 2005 - 2009 har elles føresett å nytte av Tussamidlane til finansiering av investeringar i 2007 (ungdomsskulen). Det er då også føresett at driftsunderskotet frå 2002 på ca. 10 mill. vert nedbetalt i 2006. Pr. dato ligg ein godt an med det, men dette veit ein ikkje før rekneskapet for 2006 ligg føre.



Det vart etablert ei "kaigruppe" bestående av ordførar, varaordførar, Tor Rieve Kristiansen i Møre Eiendom AS, Norman Hole i Høie Anleggsteknikk AS, Leif Jarle Aure frå Ekornes ASA og Arne Mehl frå SNU. Denne gruppa ser det som sitt mandat å arbeide vidare med forretningsplan i høve til intensjonane i kommunestyret sitt vedtak.

Ein slik plan ligg ikkje føre enno. Kommunestyret vil få lagt fram sak om dette når forretningsplan er laga.

Tillkomstvegen er no på det næraste fylt ut. Ferdigstilling av denne, med tilhøyrande arrondering, asfaltering og planting vil skje hausten 06.

HA har presentert eit utbyggingsalternativ for "kaigruppa" og kommuneadministrasjonen med ein kai front på 18 meter og kaibreidde på 15 meter. Kostnadsramma for ein slik utbygging er berekna til 5,5 millionar kroner.

Det har ikkje tidlegare vore presentert konkrete kostnadsrammer for utbygging av almenningsskai, men i KST-sak 15/06 vart det antyda ein samla kostnadsramme på 5 millionar kroner. Ein såg då føre seg at Sykkylven kommune, gjennom aksjekjøp/nyemisjon av inntil 60% av selskapet til overkurs, skulle finansiere heile utbygginga. Kjøp av aksjar/nyemisjon var då føresettt å skje med 1 million kroner i 2006 for 20% eigardel, 1 million kroner i 2007 for nye 20% eigardel og resterande innbetaling som var naudsynt for fullfinansiering av prosjektet, for ytterlegare 20% i 2007 eller 2008. Ein føresette då at Sykkylven kommune skulle eige 60% av aksjane i selskapet til ein kostnad på ca. 5 millionar kroner.

Føreliggande utbyggingsalternativ er no 500 000 kroner dyrare enn føresettt i tidlegare sak.

Ein legg i dette alternativet opp til at Sykkylven kommune kjøper 20% eigardel for 1 million kroner i 2006, nye 20% eigardel for 2 millionar kroner i 2007 og siste 20% eigardel for 2,5 millionar kroner innan 2008.

I framlegg til økonomiplan er det lagt inn 1,0 mill. i 2006 og 1,0 mill. i 2007. Utover dette er det ikkje lagt inn løyvingar.

Samtidig må det opplysast at ein i økonomiplanen har lagt opp til å nytte kr 15,0 mill. av Tussamidlar i 2007 og 10,0 mill. i 2008.

HA ser det som interessant å samkøyre utbygginga av almenningsskai på Ørsnes med Ekornes ASA si eiga utbygging av kai hausten 2006. Ein vurderer dette som økonomisk gunstig, då ein kan utføre utbygginga med felles riggplass. Ein vil også kunne få pristilbud på grunnlag av eit samla større prosjekt enn om ein gjennomførte prosjekta kvar for seg. "Kaigruppa" meiner også at dette vil vere gunstig. Dette kan då innebære at ny almenningsskai står ferdig på Ørsnes innan utgongen av 2006.06.08

"Kaigruppa" har elles vurdert ulike mulegheiter og behov knytt til utbygginga av kai, og meiner at ein bør opne for ein større utbygging. Dei tilrår at utbyggingsprosjektet for ny almenningsskai vert utvida til å omfatte ein to-delt kailøysing, for slik også å kunne ta imot cruisetrafikk.

Ein slik utviding av prosjektet er presentert i to alternativ, med ei hovudkai og ei servicekai (sjå vedlagt teikning):

- a) Hovudkai        28 meter kai front
- Servicekai    14 meter kai front

Berekna total kostnad for dette alternativet er 9,1 millionar kroner – ein investeringsauke på 3,6 millionar kroner.

- b) Hovudkai        35 meter kai front
- Servicekai    21 meter kai front.

Berekna total kostnad for dette alternativet er 10,9 millionar kroner – ein investeringsauke i høve til opphavleg prosjekt på 5,4 millionar kroner.

HA ser ikkje føre seg at eit muleg prosjekt for utviding av almenningsskai til cruisekai er realistisk for Sykkylven kommune å stå for aleine, men at ny(e) aksjonær(ar) tek del i selskapet med naudsynt kapital.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Sak om ny allmenningskai på Ørsnes vart handsama av formannskapet (sak 18/06) og kommunestyre (sak 15/06) den 27. mars 06, med slikt vedtak:

1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret 13.2.06 knytt til interpellasjon og planane for vidareutvikling på godsterminaltomta. Kommunestyret ser det også viktig at ein kan bidra til å legge tilhøve til rette for utvikling av næringslivet i Sykkylven.
2. Etter samla vurdering av ulike alternativ når det gjeld å skaffe bygda ei ny allmenningskai, har kommunestyret kome fram til at ein aksepterer det framlagde prospektet frå Hole Anleggsteknikk AS. Alternativet om å lyse ut prosjektet etter reglane for offentlege innkjøp fell etter kommunestyret sine vurderingar bort, jf. Avtale mellom Hole Anleggsteknikk AS og Møre Eigedom AS om disposisjonsrett til grunnen der kai skal ligge og til avtale mellom J.P. Tynes AS og Hole Anleggsteknikk AS om fyllmasse og til avtale om at Hole Anleggsteknikk AS skal stå for utsprening, opplasting og transport av denne fyllmassa. (Avtale ligg ved saka).
3. Kommunestyret sluttar seg ikkje til saksutgreiinga side 2 der det framgår at "intensjonen med å bygge ut ny allmenningskai i Sykkylven på denne måten er å unngå reglane om offentlig innkjøp".
4. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne formelle avtalar.
5. Kostnadane med prosjektet må innpassast i økonomiplan og framtidige budsjett.
6. Kommunestyret føreset at det i tide vert fremja aktuelle saker knytt til prosjektet. Dette omfattar m.a. storleik og dimensjonering av kai, framtidig status for tilkomstveg, forretningsplan med m.a. driftskostnader knytt til kai, framtidig organisering for kaidrift og mogleg anna utvikling knytt til nytt kaianlegg.
7. Det må framleggast eit utkast til selskapsavtale for Hole Anleggsteknikk AS.
8. Ved å bruke budsjetterte midlar til kai til kjøp av aksjar, vil kommunen få ein budsjettmessig svikt i momskompensasjon. Denne svikten vert dekt mot reservar på ansvar 1.100.1007.

Ein ser det aktuelt å legge fram sak for formannskap og kommunestyre i høve til oppfølging av punkta 5, 6 og 7.

Ein ser det også rett å legge fram saka til handsaming i både formannskap og kommunestyre, sjølv om formannskapet, ifylgje punkt 3 i vedtaket, har fått myndigheit til å godkjenne formelle avtalar, sidan ein vurderer punkt 5, 6 og 7 som utanfor godkjenning av formelle avtalar.

### Saksopplysning

Det føreligg no:

- Saksframlegg om økonomiplan for 2006 - 2009
- Planar om vidare utbygging av kai m/ teikning jf. notat frå "kaigruppe", dagsett 2. juni 06, vedlegg.
- Prisvurdering av utbygging kai
- Selskapsavtale for Hole Anleggsteknikk AS (HA) i høve til nyemisjon og noverande vedtekter for selskapet.

Vurderingar av kva status tilkomstvegen til kaiområdet skal ha er enno ikkje gjort.

Det føreligg heller ikkje forretningsplan med driftsbudsjett, organisering og utviklingsplanar for kaidrift.

Det vil bli utarbeidd sak med vurdering av om tilkomstvegen til kaiområdet skal vere privat veg eller kommunal veg seinare.

## Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 19.06.2006

Behandlingsinformasjon:

Ordføreren og rådmannen orienterte.

Norman Høie frå Hole anleggsteknikk AS møtte og svarte på spørsmål.

Petter Velle sette fram slikt endringsforslag til rådmannen sitt framlegg:

Siste setning i pkt. 3 vert erstatta med: "Kommunestyret ber Hole anleggsteknikk AS og "kaigruppa" arbeide vidare med ei kailøysing etter alt. B i saksutgreiinga."

Nytt pkt. 5:

Kommunestyret oppmoder også styret i Sykkylven energi AS å vurdere å delta i prosjektet.

Pkt. 5 i framlegget vert pkt. 6.

Formannskapet gjekk inn for ordføreren som representant og varaordføreren som vararepresentant i pkt. 5/6. Vidare slik justering i pkt. 2: "18 m" skal vere "18/21 m"

Votering:

Pkt. 1: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg

Pkt. 2: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg med justeringa ovanfor.

Pkt. 3: forslaget frå Petter Velle fekk 8 røyster, rådmannen sitt framlegg slik det står fekk 1 røyst.

Pkt. 4: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg


Pkt. 5: Samrøystes som forslaget frå Petter Velle

Pkt. 6: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg til pkt. 5, med ordføreren som representant og varaordføreren som vararepresentant.

Vedtak:

Formannskapet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre godtek for sin del framlegg til aksjeeigaravtale med det atterhald at ein kan forhandle vidare om tidspunktet for dei kommunale innbetalingane og ordningar med overkurs. Kommunen er innstilt på å gå inn med ein eigarandel tidlegare enn utkast til aksjeeigaravtale legg opp til.  
Formannskapet får fullmakt til å godta revidert aksjeeigaravtale.
2. Sykkylven kommunestyre aksepterer at det vert bygd ei allmenningskai med kai front på 18/21 m og slik at samla utbygging vert halden innafor ei samla kostnadsramme på 5,5 mill. kr slik det går fram av brev dagsett 010606 frå Hole anleggsteknikk AS.  
Det vert søkt Møre og Romsdal fylke om tilskot til prosjektet. Eventuelt tilskot skal gå til reduksjon av kommunen sin andel av finansieringa.
3. Sykkylven kommunestyre ser det i eit lengre tidsperspektiv tenleg at det vert etablert ei kailøysing som kan dekke meir enn allmenningsbehov, men ei slik utbygging kan kommunen av eigne økonomiske omsyn ikkje vere med å finansiere. Kommunestyret ber Hole anleggsteknikk AS og "kaigruppa" arbeide vidare med ei kailøysing etter alt. B i saksutgreiinga.
4. Kommunen sine kostnader etter pkt. 2 vert mellombels dekt over Tussamidlane. Budsjetterte midlar til kai i 2006 og mogleg salsinntekter på sal av godsterminaltomta må vurderast i samanheng med permanent finansiering.
5. Kommunestyret oppmoder også styret i Sykkylven energi AS å vurdere å delta i prosjektet.
6. Som kommunen sin representant og vararepresentant i styret for Hole anleggsteknikk AS vert valt:
  - Representant: ordførar Jan Kåre Aurdal
  - Vararepresentant: varaordforar Olav Harald Ulstein



Dato: 08.06.2006  
Arkivref: 2005/631-4172/2006

Saksbeh.: Dag Flacké

| Saksnr | Utval         | Møtedato   |
|--------|---------------|------------|
| 45/06  | Formannskapet | 19.06.2006 |
| 36/06  | Kommunestyret | 26.06.2006 |

## Kai på Ørsneset

Som vedlegg følger:

- Utkast til aksjeeigaravtale
- Brev av 010606 frå Hole Anleggsteknikk AS
- Notat frå møte 020606 i "kaigruppa".
- Vedtekter for Hole Anleggsteknikk AS
- Kart M 1:1000 over området på Ørsneset.

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommunestyre syner til sitt vedtak i k.sak 15/06 pkt. 2, 5, 6 og 7 og vedtek følgjande:

1. Sykkylven kommunestyre godtek for sin del framlegg til aksjeeigareavtale med det atterhald at ein kan forhandle vidare om tidspunktet for dei kommunale innbetalingane og ordningar med overkurs. Kommunen er innstilt på å gå inn med ein eigarandel tidlegare enn utkast til aksjeeigaravtala legg opp til.  
Formannskapet får fullmakt til å godta revidert aksjeeigaravtale.
2. Sykkylven kommunestyre aksepterer at det vert bygd ei allmenningskai med kaifront på 18 m og slik at samla utbygging vert halden innafor ei samla kostnadsramme på 5,5 mill. kr slik det går fram av brev dagsett 010606 frå Hole Anleggsteknikk AS.  
Det vert søkt Møre og Romsdal fylke om tilskot til prosjektet. Eventuelt tilskot skal gå til reduksjon av kommunen sin andel av finansieringa.
3. Sykkylven kommunestyre ser det i eit lengre tidsperspektiv tenleg at det vert etablert ei kailøysing som kan dekke meir enn allmenningsbehov, men ei slik utbygging kan kommunen av eigne økonomiske omsyn ikkje vere med å finansiere. Andre aktørar bør då komme inn.
4. Kommunen sine kostnader etter pkt. 2 vert mellombels dekt over Tussamidlane. Budsjetterte midlar til kai i 2006 og mogleg salsinntekter på sal av godsterminaltomta må vurderast i samanheng med permanent finansiering.
5. Som kommunen sin representant og vararepresentant i styret for Hole Anleggsteknikk AS vert:
  - Representant:
  - Vararepresentant:

## Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 27.03.2006

Behandlingsinformasjon:  
Dokument lagt på bordet:  
Formannskapet si tilråding.  
Brev/internt notat av 27/3 frå adv. Torgeir H.Langva.

Normann Hole frå Hole Anleggsteknikk A/S orienterte og svarta på spørsmål.

Venstre la fram forslag om å utsette saka, med grunnlag i 4 punkt:

1. Saka har kome svært raskt utan normale høve til vurdering av konsekvensar og ulike alternativ
2. Dei økonomiske konsekvensane er ikkje utgreidd
3. Det er uklart om framgangsmåten er i strid med reglane om off. innkjøp
4. Saka har ikkje vore handsama i Nærings- og utviklingskomiteen. Kommunestyret ber administrasjonen fremje saka på nytt når punkta over er gjennomført.

Venstre trekte forslaget sitt.

Venstre og SV sette fram nytt forslag om utsetting av saka:  
Som tidlegare 4 punkt foreslått av Venstre, og i tillegg:

5. Avklare driftskostnader
6. Avklare kommunen sitt formelle og økonomiske ansvar

Ved avrøysting over utsetningsforslaget fekk dette 5 røyster og fall.

Det vart halde gruppemøte 5 min.

Ved endeleg avrøysting fekk formannskapet si tilråding 22 røyster, 6 røysta mot.

Vedtak:

1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret 13.2.06 knytt til interpellasjon og planane for vidareutvikling på godsterminaltomta. Kommunestyret ser det også viktig at ein kan bidra til å legge tilhøva til rette for utvikling av næringslivet i Sykkylven.
2. Etter ei samla vurdering av ulike alternativ når det gjeld å skaffe bygda ei ny allmenningskai, har kommunestyret kome fram til at ein aksepterer det framlagde prospektet frå Hole Anleggsteknikk AS. Alternativet om å lyse ut prosjektet etter reglane for offentlege innkjøp fell etter kommunestyret sine vurderingar bort, jfr. avtale mellom Hole Anleggsteknikk AS og Møre Eiendom AS om disposisjonsrett til grunnen der kaia skal ligge og til avtale mellom J P. Tynes AS og Hole Anleggsteknikk AS om fyllmasse og til avtale om at Hole Anleggsteknikk AS skal stå for utsprenging, opplasting og transport av denne fyllmassa. (Avtalane ligg ved saka).
3. Kommunestyret sluttar seg ikkje til saksutgreiinga side 2 der det framgår at "Intensjonen med å bygge ut ny allmenningskai i Sykkylven på denne måten er å unngå reglane om offentlig innkjøp".
4. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne formelle avtalar.
5. Kostnadene med prosjektet må innpassast i økonomiplan og framtidige budsjett.
6. Kommunestyret føreset at det i tide vert fremja aktuelle saker knytt til prosjektet. Dette omfattar m.a. storleik og dimensjonering av kai, framtidig status for tilkomstveg, forretningsplan med m.a. driftskostnader knytt til kai, framtidig organisering for kaidrift og moglege anna utvikling knytt til nytt kaianlegg.
7. Det må framleggast eit utkast til selskapsavtale for Hole Anleggsteknikk AS.

8. Ved å bruke budsjetterte midlar til kai til kjøp av aksjar vil kommunen få ein budsjettmessig svikt i momskompensasjon. Denne svikten vert dekt mot reservar på ansvar 1.100.1007.

## Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 26.06.2006

Behandlingsinformasjon:

Venstre v/ Kristin Roald Bjørnøy tok opp rådmannen sitt framlegg til pkt. 3

Det vart sett fram forslag om Hans Kr. Goksøyr som representant og Bjørn Idar Lyngvær som vararepresentant (pkt. 6)

Votering:

Pkt.1 og 2: Samrøystes vedtak: Som tilrådinga formannskapet

Pkt. 3: Formannskapet si tilråding vedteken med 20 røyster, 9 røysta for Venstre sitt forslag.

Pkt. 4 og 5: Samrøystes vedtak: Som tilråding frå formannskapet

Pkt. 6: Goksøyr vedteken som representant med 28 mot 1 røyst, Lyngvær vedteken som vararepresentant med 27 mot 2 røyster. Dei som røysta imot røysta for tilrådinga.

Vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre godtek for sin del framlegg til aksjeeigaravtale med det atterhald at ein kan forhandle vidare om tidspunktet for dei kommunale innbetalingane og ordningar med overkurs. Kommunen er innstilt på å gå inn med ein eigarandel tidlegare enn utkast til aksjeeigaravtale legg opp til.  
Formannskapet får fullmakt til å godta revidert aksjeeigaravtale.
2. Sykkylven kommunestyre aksepterer at det vert bygd ei allmenningsskai med kaifront på 18/21 m og slik at samla utbygging vert halden innafor ei samla kostnadsramme på 5,5 mill. kr slik det går fram av brev dagsett 010606 frå Hole anleggsteknikk AS.  
Det vert søkt Møre og Romsdal fylke om tilskot til prosjektet. Eventuelt tilskot skal gå til reduksjon av kommunen sin andel av finansieringa.
3. Sykkylven kommunestyre ser det i eit lengre tidsperspektiv tenleg at det vert etablert ei kailøysing som kan dekke meir enn allmenningsbehov, men ei slik utbygging kan kommunen av eigne økonomiske omsyn ikkje vere med å finansiere. Kommunestyret ber Hole anleggsteknikk AS og "kaigruppa" arbeide vidare med ei kailøysing etter alt. B i saksutgreiinga.
4. Kommunen sine kostnader etter pkt. 2 vert mellombels dekt over Tussamidlane. Budsjetterte midlar til kai i 2006 og mogleg salsinntekter på sal av godsterminaltomta må vurderast i samanheng med permanent finansiering.
5. Kommunestyret oppmoder også styret i Sykkylven energi AS å vurdere å delta i prosjektet.
6. Som kommunen sin representant og vararepresentant i styret for Hole anleggsteknikk AS vert valt:
  - Representant: Hans Kr. Goksøyr
  - Vararepresentant: Bjørn Idar Lyngvær

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 19.10.2009

**SAK 35/09  
ORIENTERING OM STORFJORDTERMINALEN AS**

Som vedlegg følger:

- Kontrollutvalsak 15/06
- Kommunestyresak 15/06
- Kommunestyresak 36/06
- Diverse firmaopplysningar frå Brønnøysundregistra

Dokumenta i saka gir inntrykk av ei samla kostnadsramme for kaiprosjektet på 5,5 mill. kroner. Dette er same summen som kommunen har betalt inn i selskapet. Rekneskapen til selskapet pr. 31.12.2008 viser aktiverte anleggsmidler på 5,4 mill. kroner og lagerverdi på 2,5 mill. kroner. Rekneskapen viser også langsiktig gjeld på 2,5 mill. kroner og leverandørgjeld på 2,2 mill. kroner. Den økonomiske situasjonen pr. i dag manglar ein oversikt over.

Dette kaiprosjektet er ikkje ferdigstilt og det kan no vere viktig at kontrollutvalet blir informert om korleis kommunen har tenkt å sikre sine økonomiske interesser. Ei orientering om kva kostnader som må påreknast vidare før prosjektet er ferdigstilt er også av interesse.

Rådmannen blir derfor innkalle til kontrollutvalet sitt møte for å gi ei orientering ut i frå kommunen sin ståstad. Det vil også bli gjort forsøk på å få ein representant for selskapet til å gi ei orientering i møtet om framdrift og forventa kostnader.

Kontrollutvalet har tidlegare i sak 15/06 behandla problemstillingar vedkomande dette kaiprosjektet. Det blir vist til vedlagte særutskrift.

Harald Rogne  
dagleg leiar



**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**SÆRUTSKRIFT**

**av møteboka for Sykkylven kontrollutval i møte 22.10.2009.**

**Av 3 medlem var 2 til stades.**

**SAK 35/09**

**ORIENTERING OM STORFJORDTERMINALEN AS**

Saka omhandla framdrifta i byggearbeidet og korleis kommunen sikrar sine økonomiske interesser. Torild Hole erklærte seg inhabil. Med bakgrunn i dette gjorde kontrollutvalet vedtok at ho var inhabil og Torild Hole deltok ikkje i behandlinga av saka.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet viser til det som vart opplyst frå dagleg leiar i selskapet og rådmannen. Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka på eit seinare tidspunkt.

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 27.11.2009

**SAK 40/09**  
**VIDARE DRØFTING VEDKOMANDE STORFJORDTERMINALEN AS**

Som vedlegg følger:

- Kontrollutvalsak 35/09
- Særutskrift av kontrollutvalsak 35/09

Ved kontrollutvalet si behandling av saka var både rådmann og styreleiar tilstades for å informere kontrollutvalet. Rådmannen ga uttrykk for at han hadde lite kjennskap til saka og kunne av den grunn ikkje gi noko særleg informasjon. Styreleiar ga ei orientering og viste mellom anna til eit brev som selskapet hadde sendt til sine aksjonærar om den økonomiske situasjonen, deriblant kommunen. Dette brevet er ikkje gradert i forhold til offentleglova frå kommunen si side, likevel veljer ein å vise fram brevet i møtet i staden for å legge det i saksdokumenta.

Brevet omhandlar m.a. forplikingar som aksjonærane har teke på seg i aksjonæravtalen. Ettersom kommunen pr. i dag har utbetalt 5,5 mill. kroner til eit prosjekt som på langt nær er ferdigstilt og risikerer å pådra seg nye store utbetalingar utover det kommunestyret har bevilga, er det naturleg at kommunestyret blir orientert. Det er også viktig at det blir laga ein plan for korleis kommunen skal sikre sine interesser i denne saka og kva tiltak som bør settast i verk for å få dette til.

Kontrollutvalet oversendte til kommunen relevante saksdokument frå sak 35/09 som gjaldt Storfjordterminalen AS og ba om at desse måtte bli førelagt kommunestyret i møte den 23.11.2009. Dette vart ikkje gjort. Bakgrunnen for det er ukjent.

Ytterlegare dokument kan bli ettersendt eller lagt fram i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**SÆRUTSKRIFT**

**av møteboka for Sykkylven kontrollutval i møte 10.12.2009.**

**Av 3 medlem var 2 til stades.**

**SAK 40/09**

**VIDARE DRØFTING VEDKOMANDE STORFJORTERMINALEN AS**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.11.2009.  
Orientering gitt av ordførar Jan Kåre Aurdal.

Torild Hole erklærte seg inhabil. Med bakgrunn i dette gjorde kontrollutvalet vedtok om at ho var inhabil og Torild Hole deltok ikkje i behandlinga av saka.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har saka til vidare observasjon.

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.09.2010

**SAK 19/10**  
**REKNESKAPSRAPPORT 1. TERTIAL 2010**

Som vedlegg følger:

- Rekneskapsrapport 1. tertial 2010

Rådmannen blir bedt om å orientere om den økonomiske situasjonen til Sykkylven kommune. I tillegg til ei utdyping av vedlagte rapport er det også ønskeleg med opplysningar om forventa resultat i komande rapport for 2. tertial.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Dato: 18.05.2010  
Arkivref: 2010/617-4852/2010

Saksbeh.: Dag Flacké

| Saknr | Utval                          | Møtedato |
|-------|--------------------------------|----------|
|       | Formannskapet<br>Kommunestyret |          |

## Rekneskapsrapport 1. tertial 2010

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tek rekneskapsrapport 1. tertial 2010 til etterretning.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Kommunestyret har gjort vedtak om tertialrapportering av rekneskap vs. budsjett, jf. kommunens økonomireglement. Rekneskapsrapport for 1. tertial inneber rapportering per 30. april.

Formannskapet har handsama rekneskapsrapport per mars 2010, jf. sak 29/10.

Rekneskapsrapporten er basert på informasjon i budsjettstyringsverktøyet Exie med grunnlag i vedteke årsbudsjett, automatisk periodisering/prognose og etter fastsette reglar basert på faktisk periodisering førre år. I tillegg legg ein til grunn eininganes eigne vurderingar og justeringar av periodiseringa av inntekter og utgifter, ut frå oppdatert kjennskap til korleis driftsåret forventast å vere.

Rådmannen og sentraladministrasjonen har vore til disposisjon etter einingsleiaranes behov for bistand, og har samstundes forsøkt å foreta ein logisk kvalitetssikring av prognosane.

#### Saksopplysning

Sykkylven kommune har vedteke eit budsjett for 2010 i balanse med avsetting til underskotsoppdekking på 7,2 mill. kroner (2,36% av frie disponible inntekter).

Kommunestyrets vedtak inneber ei fordeling av netto driftsramme til einingar og driftsområde.


Budsjettet er periodisert på grunnlag av køyrereglar for fordeling av inntekter og utgifter, m.a. med grunnlag i slik fordeling på månadane i 2009.

Bokført rekneskap per april 2010 viser netto kostnad på 9,2 mill. kroner og eit samla mindreforbruk for Sykkylven kommune i høve til automatisk prognose på 6 353 000 kroner. Dette er ei bokført betring på 3 946 000 kroner siste månad, då bokført rekneskap per mars viset eit mindreforbruk på 2 407 000 kroner.

I 2009 viste til samanlikning bokført rekneskap eit meirforbruk per april i høve til budsjett på 3,5 mill. kroner. Netto kostnad per april i 2009 var 17,1 mill. kroner.

Korrigert for manuelle justeringar av periodiseringane viser prognosen for Sykkylven kommune i heile 2010 eit forventa mindreforbruk på 665 000 kroner, ei betring sidan rapporteringa per mars på 581 000 kroner.

Med unntak av einingane Tekniske tenester og Heimetenestene distrikt, som av særlege grunnar har eit ukontrollerbart avvik i høve til årsbudsjettet og som ein vil kome tilbake til seinare i saka, synes alle einingane å ha god kontroll på den økonomiske drifta i høve til vedteke budsjettammer.



|                           | JAN        | FEB        | MAR        | APR         | MAI        | JUN         | JUL        | AUG         | SEP        | OKT         | NOV        | DES         | SUM       | SUM pr.DES   |
|---------------------------|------------|------------|------------|-------------|------------|-------------|------------|-------------|------------|-------------|------------|-------------|-----------|--------------|
| Rev.Bud(2010)             | 19 799 107 | -8 385 744 | 21 030 174 | -16 862 995 | 11 434 176 | -37 866 988 | 14 526 790 | -5 980 774  | 17 607 685 | -8 420 973  | 13 062 276 | -20 142 941 | 3         | 3            |
| Regn(2010)                | 19 243 224 | -5 834 740 | 16 627 926 | -20 808 936 | 9 133 317  | -40 285 866 | 14 766 504 | -4 521 835  | 16 658 554 | -10 265 585 | 12 749 320 | -8 333 288  | 9 227 474 | 9 227 460    |
| M Prog(2010)              | 19 243 224 | -5 834 745 | 16 627 923 | -20 808 938 | 9 133 317  | -40 285 866 | 14 766 504 | -4 521 835  | 16 658 554 | -10 265 585 | 12 749 320 | -8 333 288  | -671 015  | -670 998     |
|                           |            |            |            |             |            |             |            |             |            |             |            |             | SNITT     | SNITT pr.DES |
| Rev.Bud ,akkumulert(2010) | 19 799 107 | 11 413 363 | 32 443 537 | 15 580 552  | 27 014 728 | -10 852 260 | 3 674 530  | -2 306 244  | 15 501 641 | 7 080 668   | 20 142 944 | 3           | 0         | 0            |
| Regn ,akkumulert(2010)    | 19 243 200 | 13 408 500 | 30 036 400 | 9 227 460   |            |             |            |             |            |             |            |             | 768 955   | 768 955      |
| M Prog ,akkumulert(2010)  | 19 243 224 | 13 408 500 | 30 036 400 | 9 227 460   | 18 360 800 | -21 925 100 | -7 158 600 | -11 680 400 | 5 178 550  | -5 087 030  | 7 682 290  | -670 998    | -55 917   | -55 917      |

Grafen ovanfor viser utviklinga hittil i år og samanlikning av automatisk og manuell prognose for resten av 2010. Differansen mellom prognosane varierer naturleg frå månad til månad. Det prognostiserte mindreforbruket fram til og med november blir ut frå eininganes vurderingar redusert mykje i desember, då automatprognosen tilseier ei netto, bokført inntekt denne månaden på om lag 20,1 mill. kroner, medan den manuelle prognosen tilseier ei netto inntekt på om lag 8,3 mill. kroner.

I desember månad blir alle årsavslutningsdisposisjonar ført. Dette inneber føring av store inntekter og utgifter, og små avvik vil kunne gi store utslag. Dette gjeld t.d. føring av premieavvik på pensjonar, rentekompensasjonar, avskrivningar, statleg dekking av ressurskrevjande tenester osb.

Ein må etter rådmannens vurdering legge til grunn at einingane samstundes er forsiktige i sine prognosar og at ein er noko usikker på kor tid på året enkelte inntekter og utgifter vil kome.

Første halvdel av reknearket nedanfor viser rekneskapan i høve til opphavleg budsjett per april og endringa mellom desse siste månad for kvar eining og rekneskapsansvar. Andre halvdel viser tilsvarende manuell årsprognose i høve til netto årsbudsjetttramme.

Administrasjonen legg til grunn at rapportering på økonomiske resultat til politiske organ skal skje på same nivå som kommunestyret har vedteke budsjettet. Dette er i samsvar med kva kommunerevisjonen tilrår. Reknearket nedanfor vil derfor etter rådmannens meining gi eit godt bilete av økonomisk status i kommunen, både i høve til samanlikninga mellom rekneskap og budsjett hittil i år, og ikkje minst i høve til samanlikninga mellom dei manuelle årsprognosane og vedtekte årsbudsjetttrammer.

Budsjettet som ligg til grunn per april tilsvarar i modellen same fordeling av inntekter og utgifter som året før. Når det gjeld lønn og andre personalutgifter, følgjer dette ei tilnærma lineær utvikling gjennom året – i samsvar med faktisk utbetaling av lønn.

Sidan både inntekter og utgifter vil fordele seg noko ulikt frå eitt år til anna, blir det lagt relativt mykje arbeid i å tilpasse dei manuelle prognosane til forventa drift gjennom året.

Når ein i denne rapporten har eit rekneskapsmessig mindreforbruk i høve til budsjettet per april på om lag 6,4 mill. kroner, og eit prognostisert mindreforbruk for heile året på om lag 665 000 kroner, er det tilpassingar i det manuelle prognosearbeidet, ut frå ei anna forventa fordeling av inntekter og utgifter i einingane, som ligg til grunn. Det bør derfor vere årsprognose i høve til årsbudsjett som gir det beste biletet av forventningane for rekneskapsåret.

| Sykkylven kommune  |                    |                     |                               |                               | Heile året          |                         |                         |                               |
|--|--------------------|---------------------|-------------------------------|-------------------------------|---------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------------|
| Samanlikning budsjett 2010 med rekneskap og prognosar 2010 |                    |                     |                               |                               |                     |                         |                         |                               |
| Ansvar   | Hittil i år        |                     |                               |                               | Korr. Budsjett 2010 | Prognose 2010 per april | Avvik årsbudsj. - progn | Endringar i avvik siste måned |
|  | Budsjett per april | Rekneskap per april | Avvik per april reknsk-budsj. | Endringar i avvik siste måned |                     |                         |                         |                               |
| Vikedalen barnehage  | -2 645 183         | 141 913             | 2 787 096                     | 1 298 377                     | 352 000             | 113 951                 | -238 049                | 432 136                       |
| Vik barnehage  | 108 314            | 83 936              | -24 378                       | 483 591                       | 386 500             | 349 477                 | -37 023                 | 18 945                        |
| Tandstad barnehage   | 389 280            | 394 593             | 5 313                         | -8 148                        | 1 238 000           | 1 200 407               | -37 593                 | 40 047                        |
| Blakstad barnehage   | 4 884              | 84 369              | 79 485                        | 768 348                       | 143 500             | 132 063                 | -11 437                 | 71 112                        |
| Ullavik barnehage  | 322 602            | 312 656             | -9 946                        | 984 791                       | 965 500             | 1 011 572               | 46 072                  | 7 543                         |
| Fellesutgifter barnehagar                                  | -6 535 933         | -6 964 146          | -428 213                      | -6 159 985                    | -6 761 000          | -7 030 288              | -269 288                | 195 331                       |
| Private barnehagar   | 2 033 333          | 2 033 328           | -5                            | 3 033 475                     | 6 100 000           | 6 109 984               | 9 984                   | -10 184                       |
| <b>SUM BARNEHAGAR</b>                                      | <b>-6 322 703</b>  | <b>-3 913 351</b>   | <b>2 409 352</b>              | <b>400 449</b>                | <b>2 424 500</b>    | <b>1 887 166</b>        | <b>-537 334</b>         | <b>754 930</b>                |
| Aure skule   | 3 881 660          | 3 438 535           | -443 125                      | 331 109                       | 9 649 500           | 9 056 263               | -593 237                | 321 602                       |
| Hundeldvik skule   | 1 201 016          | 1 157 680           | -43 336                       | 300                           | 3 318 500           | 3 314 310               | -4 190                  | -139 244                      |
| Ramstaddal skule   | 741 496            | 796 745             | 55 249                        | -18 746                       | 1 499 500           | 1 557 085               | 57 585                  | -17 581                       |
| Jarnes skule   | 2 321 941          | 2 375 615           | 53 674                        | -37 555                       | 6 351 000           | 6 284 673               | -66 327                 | -54 675                       |
| Tandstad skule   | 1 940 147          | 1 980 405           | 40 258                        | -24 361                       | 5 258 500           | 5 271 466               | 12 966                  | -2 466                        |
| Ullavik skule  | 2 738 942          | 2 665 902           | -73 040                       | 15 245                        | 7 631 500           | 7 431 461               | -200 039                | 2 873                         |
| Velledalen skule   | 1 019 228          | 1 101 212           | 81 984                        | -27 636                       | 2 924 500           | 2 909 484               | -15 016                 | -38 388                       |
| Vik skule  | 2 406 748          | 2 574 608           | 167 860                       | -35 855                       | 6 777 500           | 6 628 762               | -148 738                | -51 529                       |
| Felles for skulane   | 1 048 168          | 1 509 120           | 460 952                       | -21 370                       | 3 144 500           | 3 276 310               | 131 810                 | -91 485                       |
| <b>SUM BARNESKULAR</b>                                     | <b>17 299 346</b>  | <b>17 699 822</b>   | <b>300 476</b>                | <b>181 131</b>                | <b>46 555 000</b>   | <b>45 729 814</b>       | <b>-825 186</b>         | <b>-70 893</b>                |
| Ungdomssk./oppl.senter                                     | 8 330 522          | 7 981 734           | -348 788                      | 362 094                       | 21 539 500          | 21 284 706              | -254 794                | 361 844                       |
| <b>SUM SKULE</b>   | <b>25 629 868</b>  | <b>25 581 556</b>   | <b>-48 312</b>                | <b>643 225</b>                | <b>68 094 500</b>   | <b>67 014 520</b>       | <b>-1 079 980</b>       | <b>290 951</b>                |
| BUAS   | 14 672 127         | 13 778 157          | -893 970                      | -330 544                      | 38 167 000          | 38 138 316              | -28 684                 | -250 876                      |
| Helmetenestene distrikt                                    | 6 169 100          | 7 597 374           | 1 428 274                     | -99 550                       | 18 367 000          | 18 772 898              | 405 898                 | -304 710                      |
| Barne og familjeneste                                      | 15 534 046         | 15 313 895          | -220 151                      | 22 924                        | 43 589 500          | 43 502 984              | -86 516                 | 9 280                         |
| Legar og fysioterapeut                                     | 2 421 817          | 2 244 917           | -176 900                      | 22 347                        | 7 150 000           | 6 973 101               | -176 899                | 22 344                        |
| NAV kommune  | 1 484 608          | 1 725 991           | 241 383                       | -13 039                       | 4 349 000           | 4 262 183               | -86 817                 | 84 124                        |
| <b>SUM HELSE OG OMSORG</b>                                 | <b>40 281 698</b>  | <b>40 660 334</b>   | <b>378 636</b>                | <b>-397 862</b>               | <b>111 622 500</b>  | <b>111 649 482</b>      | <b>26 982</b>           | <b>-439 838</b>               |
| Kultur   | 3 624 708          | 3 659 386           | 134 678                       | 57 142                        | 9 395 500           | 9 420 128               | 24 628                  | 164 087                       |
| Kyrkja   | 1 127 334          | 1 188 000           | 60 666                        | -15 166                       | 3 382 000           | 3 402 221               | 20 221                  | -20 221                       |
| <b>SUM KYRKJE OG KULTUR</b>                                | <b>4 652 042</b>   | <b>4 847 386</b>    | <b>195 344</b>                | <b>41 976</b>                 | <b>12 777 500</b>   | <b>12 822 349</b>       | <b>44 849</b>           | <b>143 866</b>                |
| Næring   | 58 292             | 38 663              | -19 629                       | 14 205                        | 300 000             | 280 371                 | -19 629                 | 14 205                        |
| Tekniske tenester  | 14 113 094         | 14 078 800          | -34 294                       | 41 202                        | 41 304 000          | 42 835 960              | 1 531 960               | -666 420                      |
| <b>SUM NÆRING OG TEKNISK</b>                               | <b>14 171 386</b>  | <b>14 117 463</b>   | <b>-53 923</b>                | <b>55 407</b>                 | <b>41 604 000</b>   | <b>43 116 331</b>       | <b>1 512 331</b>        | <b>-652 215</b>               |
| Rådmannsteamet   | 917 963            | 932 701             | 14 738                        | 9 309                         | 2 593 500           | 2 579 672               | -13 828                 | 17 899                        |
| Serviceorg   | 1 157 156          | 1 199 457           | 42 301                        | -39 867                       | 3 081 000           | 3 101 668               | 40 668                  | -32 234                       |
| Stabseinling   | 2 614 284          | 2 470 844           | -143 440                      | 256 621                       | 7 226 500           | 7 226 501               | 1                       | -483 019                      |
| Andre fellesutgifter                                       | 3 286 243          | 4 200 418           | 914 175                       | 315 733                       | 11 808 000          | 11 749 524              | -58 476                 | 8 476                         |
| <b>STYRING OG FELLEUTG.</b>                                | <b>7 975 646</b>   | <b>8 803 420</b>    | <b>827 774</b>                | <b>541 796</b>                | <b>24 689 000</b>   | <b>24 657 365</b>       | <b>-31 635</b>          | <b>-488 878</b>               |
| Kommunestyre   | 5 083 671          | 1 015 957           | -4 067 714                    | 849 758                       | 13 655 000          | 13 124 148              | -530 852                | 410 486                       |
| Finansiering   | -75 891 056        | -81 885 288         | -5 994 232                    | 1 911 213                     | -274 867 000        | -274 936 640            | -69 640                 | 561 640                       |
| <b>SUM SYKKYLVEN KOMMUNE</b>                               | <b>15 580 552</b>  | <b>9 227 477</b>    | <b>-6 353 075</b>             | <b>3 945 962</b>              | <b>0</b>            | <b>-665 279</b>         | <b>-665 279</b>         | <b>580 942</b>                |

Om ein ser nærmare på ulike sektorar og driftsområde, finn ein at barnehagane har prognostisert eit mindre forbruk på om lag 500 000 kroner, at skulane har eit mindreforbruk på knapt 1,1 mill. kroner, at "helse og omsorg" og "kyrkje og kultur" omtrent forventar å vere i balanse og at netto finansieringspostar (inntekter til drift av kommunen) er i balanse.

Næring og teknisk har prognostisert eit meirforbruk på om lag 1,5 mill. kroner, og kommunestyrets budsjett viser eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner. Under kommunestyret ligg m.a. reserverte løyvingar.

| Sykkylven kommune  |                    |                     |                               |                               |                     |                         |                         |                               |
|--|--------------------|---------------------|-------------------------------|-------------------------------|---------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------------|
| Samanlikning budsjett 2010 med rekneskap og prognosar 2010 |                    |                     |                               |                               |                     |                         |                         |                               |
| Hittil i år  |                    |                     |                               |                               | Helle året          |                         |                         |                               |
| Ansvar   | Budsjett per april | Rekneskap per april | Avvik per april reknsk-budsj. | Endringar i avvik siste månad | Korr. Budsjett 2010 | Prognose 2010 per april | Avvik årsbudsj. - progn | Endringar i avvik siste månad |
| SUM BARNEHAGAR   | -6 322 703         | -3 913 351          | 2 409 352                     | 400 449                       | 2 424 500           | 1 887 166               | -537 334                | 754 930                       |
| SUM SKULE  | 25 629 868         | 25 581 556          | -48 312                       | 543 225                       | 68 094 500          | 67 014 520              | -1 079 980              | 290 951                       |
| SUM HELSE OG OMSORG  | 40 281 698         | 40 660 334          | 378 636                       | -397 862                      | 111 622 500         | 111 649 482             | 26 982                  | -439 838                      |
| SUM KYRKJE OG KULTUR                                       | 4 652 042          | 4 847 386           | 195 344                       | 41 976                        | 12 777 500          | 12 822 349              | 44 849                  | 143 866                       |
| SUM NÆRING OG TEKNISK                                      | 14 171 386         | 14 117 463          | -53 923                       | 55 407                        | 41 604 000          | 43 116 331              | 1 512 331               | -652 215                      |
| STYRING OG FELLESUTG.                                      | 7 975 646          | 8 803 420           | 827 774                       | 541 796                       | 24 689 000          | 24 657 365              | -31 635                 | -488 878                      |
| Kommunestyre   | 5 083 671          | 1 015 957           | -4 067 714                    | 849 758                       | 13 655 000          | 13 124 148              | -530 852                | 410 486                       |
| Finansiering   | -75 891 056        | -81 885 288         | -5 994 232                    | 1 911 213                     | -274 867 000        | -274 936 640            | -69 640                 | 561 640                       |
| SUM SYKKYLVEN KOMMUNE                                      | 15 580 552         | 9 227 477           | -6 353 075                    | 3 945 982                     | 0                   | -665 279                | -665 279                | 580 942                       |

Nærmare om dei ulike einingane/økonomiansvar:

#### Kommunestyre:

Viser eit bokført mindreforbruk per april med 4 mill. kroner, og ein årsprognose med mindreforbruk på kr. 530 000. Det er avsett sju mill. kroner til årets lønnsoppgjjer, og på grunnlag av statsbudsjettet skal dette vere tilrekkeleg. Men det pågår for tida mekling om lønnsoppgjjeret i kommunal sektor, og det er stor avstand mellom tilbod og krav. Dersom rammene for årets oppgjjer ikkje strekk til, må kommunen gjere tiltak for å redusere kostnadane for at rekneskapen i 2010 skal vere i balanse.

#### Finansiering:

Økonomiansvaret "finansiering" er samansett av mange område med finansiering av kommunens drift. Per april er det bokført meirinntekter på om lag seks mill. kroner. Prognosen for 2010 er ei finansiering i samsvar med årsbudsjett (meirinntekt på kr. 70 000).

Per i dag ligg det m.a. til grunn ein meirinntekt på skatt og rammetilskot, mindreinntekter på statsrefusjonar, mindreinntekter på renter.

Ein er også kjend med at styret i Sykkylven Energi AS vil tilrå at generalforsamlinga vedtek eit utbytte til kommunen som eigar, som er større enn det som er lagt til grunn i kommunens budsjett.

#### Barnehagar:

Samla sett forventar ein no at barnehagane vil drive innanfor vedteken budsjetttramme, sjølv om rekneskapen per april viser eit meirforbruk i høve periodisert budsjett på kr. 2,4 mill. Dette skuldast primært periodiseringsavvik på statstilskot.

Det vil vere ei positiv utvikling i forventa inntekter (statstilskot og foreldrebetaling) resten av året, ved at fleire barnehagar har arbeidd målretta for å rekruttere barn til ledige plassar, og lukkast med det.

Skjønntilskotstildelinga synes også å vere noko høgare enn budsjettet.

Ein har redusert tildeling av spes.ped.tiltak i andre halvår.

Det er likevel framleis usikkert korleis overføringar til dei private barnehagane i "ikkje-diskriminerande-tilskot" vil slå ut i 2010.

#### Barneskular:

Rekneskapen per april viser at barneskulane har eit bokført meirforbruk på 300 000 kroner. Men prognosane frå einingsleiarane viser at ein med noverande drift, justert for kjende endringar, vil ha eit mindreforbruk på årsbasis



på om lag 800 000 kroner. Det er i dette arbeidet ikkje føretatt budsjettjustering ved at Ramstaddal skule blir lagt ned ved skuleårets slutt.

#### Ungdomsskule/opplæringscenter:

Rekneskapen per april er i balanse, og ein har prognostisert eit mindreforbruk i 2010 på 250 000 kroner.

#### BUAS:

Rekneskapen per april viser eit mindreforbruk i høve til budsjett på om lag 900 000 kroner, og eit prognostisert resultat i 2010 i balanse. Ein forventar meir bruk av vikarar i samband med ferieavvikling i 2010 en tidlegare grunna mangel på sjukepleiefagleg kompetanse blant vikarane. Dette er det justert for i dei manuelle prognosane.

Det skal gjennomførast budsjettkorrigering mellom BUAS og Heimetenestene distrikt på om lag 350 000 kroner, som vil gi BUAS ei utfordring. Ein vurderar likevel at situasjonen, med grunnlag i rekneskap hittil i år samanlikna med 2009, tilseier ei drift i samsvar med vedteke budsjett i 2010.

#### Heimetenestene distrikt:

Heimetenestene distrikt har eit bokført meirforbruk på 1,4 mill. kroner og ein årsprognose som tilseier eit meirforbruk på 400 000 kroner.

Det prognostiserte meirforbruket på 400 000 kroner vil vere under kontroll etter budsjettjustering mellom BUAS og Heimetenestene, jf. ovanfor.

Årsprognosen har ikkje tatt høgde for ein situasjon med ein ressurskrevjande teneste som oppstod i februar i år, men er delvis med i grunnlaget for bokført meirforbruk per april.

Dette gjeld vedtak om borgarstyrt personleg assistent (BPA) til brukar som fram til februar i år har fått dekning frå NAV og Helse Sunnmøre. Endra praksis utanfor kommunen fører til ein kommunal plikt om dekking. Eininga ser det ikkje mogleg å dekke denne meirutgifta innanfor vedteken ramme, utan at det går ut over sjukepleietenestene til eldre pleietrengande. Denne tenesta er allereie innanfor noverande budsjett redusert, og ytterlegare reduksjon vil etter einingsleiars vurdering ikkje vere forsvarleg.

Rådmannen vil vurdere å fremje forslag til budsjettendring i juni, for å dekke utgiftene i samband med den nye ressurskrevjande situasjonen. Samla behov for auka løyving synes å vere på om lag 575 000 kroner i 2010.

#### Barne og familietenestene:

Eininga har samla sett eit bokført mindreforbruk per april på 220 000 kroner. Innanfor eininga er det eit meirforbruk på butenestene og barnevern. Ein kjenner til at desse to ansvara vil krevje meir enn føresett tidlegare. Men ein forventar samstundes noko meirinntekter på ressurskrevjande brukarar, som vil vere med på å skape balanse i høve vedteken budsjetttramme. Slik einingsleiar vurderar situasjonen no, vil drifta i 2010 vere i samsvar med budsjett, men vil samstundes overvake situasjonen framover nøye.

#### NAV-kommune:

Bokført rekneskap viser eit meirforbruk per april på kr. 240 000. Dette skuldast meir utbetalingar i sosialhjelp enn budsjettet. Ein vil trappe ned talet på deltakarar i kvalifiseringsprogrammet, slik at ein i snitt for 2010 vil halde seg til budsjettet måltal.

Årsprognosen viser ei drift om lag i samsvar med budsjett, men det er vanskeleg å ha oversikt over lovpålagde utbetalingar resten av året.

### Kultur:

Eininga har eit bokført meirforbruk per april på kr. 135 000, og eit prognostisert resultat i 2010 om lag i balanse.

### Teknisk eining:

Rekneskapen per april viser eit lite mindreforbruk på 34 000 kroner, men eit prognostisert meirforbruk i 2010 på vel 1,5 mill. kroner.

Trass i at det er lagt opp til minimalt vedlikehald til bygg og veg, ser ein at eit monaleg meirforbruk må reknast med. Dette skuldast den uvanlege vinteren ein har hatt i 2010.

Høge straumprisar og utvida fyringssesong har medført meirutgifter til straum på om lag 600 000 kroner.

Eininga har til no brukt om lag 2,7 mill. kroner til vintervedlikehald av vegar, av eit budsjett for heile året på 2 280 000 kroner. Forbruket er 1,68 mill. kroner meir enn periodisert budsjett, og 430 000 kroner meir enn årsbudsjettet.

Sjølv om eininga i utgangspunktet skulle late vere å nytte midlar til sommarvedlikehald, ser ein ikkje dette som realistisk. Einingsleiar peiker på "krav" om grusing og tetting av asfalthol mv. I tillegg må ein rekne med utgifter til vintervedlikehald også i siste kvartal – berekna til om lag 350 000 kroner.

Eininga ser seg ikkje i stand til å redusere drifta på andre ansvar og område for å halde samla drift innanfor vedteke budsjett.

Rådmannen vil vurdere å fremje forslag om budsjettjustering i juni.

### Sentraladministrasjonen:

Bokført rekneskap per april viser eit meirforbruk 827 000 kroner, og eit prognostisert resultat i samsvar med budsjett. Det er sett i verk tiltak innanfor fellesutgifter som skal føre til ei drift i balanse.

### Vurdering

Tertialrapporten vil også denne gongen fokusere på den økonomiske sida av kommunens drift. Ein har som mål at tertialrapportar etter kvart også skal omtale innhald i drifta i dei ulike einingane og tenesteområda og korleis vedtekne budsjett blir brukt.

Rekneskapen per april viser eit samla mindreforbruk på meir enn seks mill. kroner og ein nettokostnad om lag åtte millionar kroner mindre enn på same tid i 2009. Sjølv om det er periodiseringsavvik mellom 2009 og 2010, spesielt på inntektssida, indikerar forbruket at driftsnivået i kommunen er redusert, noko som har vore forventa med bakgrunn i reduksjonen i drifta utover i 2009.

Rådmannen opplever at prognosearbeidet i einingane er av betre kvalitet no enn for eitt år sidan, då prognoseverktøyet nettopp var teke i bruk. Ein er kjend med at dei fleste einingane har arbeidd systematisk og nøye med å justere forventa budsjett resten av året ved å ta høgde for kjende utgifter, t.d. ved bruk av ferievikarar i sommar.

Sykkylven kommune er likevel i ein situasjon der ein ikkje har udisponerte midlar ut over reserverte løyvingar under kommunestyret (i tillegg til 7,2 mill. kroner som er avsett til underskotsdekning). Det inneber at sjølv om alle einingar og ansvar med eitt eller få unntak går i balanse, vil kommunen få eit underskot i drifta – det er ikkje udisponerte midlar tilgjengeleg til å dekke svikt på enkeltområde. Det er ein vanskeleg situasjon at kommunen er så sårbar for uføresette hendingar, og noko ein må halde fokus på å endre.

Når samla prognose for rekneskapsresultatet for 2010 per i dag viser eit mindreforbruk på 665 000 kroner, skuldast det at fleire einingar har eit prognostisert mindreforbruk. Som nemnt tidlegare i saka, er det to ekstraordinære tilhøve innan Teknisk eining og Heimtenestene distrikt som ikkje finn si løysing innanfor dei vedtekne rammene. Dette skuldast tilhøve som einingane ikkje har hatt moglegheit for å influere på, men som rådmannen må fremje eit forslag til løysing på.

Kommunen kan heller ikkje påverke utfallet av dei ulike inntektspostane, og berre marginale, negative avvik vil kunne føre til ein situasjon med underskot.

Einingane har også fått fullmakt frå kommunestyret til å yte tenester innanfor ei netto driftsramme. Ein kan derfor ikkje vente at einingane skal ha eit mindreforbruk i høve til vedteken ramme.

Rådmannen meiner, trass den sårbare økonomien i kommunen, at det begynner å bli eit godt samsvar mellom rammer og driftsnivå.

#### Økonomiske konsekvensar

Rådmannen vil fremje ei budsjettjusteringssak til kommunestyrets møte i juni om disponering av midlar med grunnlag i at Ramstaddal skule leggst ned etter inneverande skuleår og ev. om det blir vedteke eit auka utbytte frå Sykkylven Energi AS.

Rådmannen vil då også vurdere nærmare å fremje forslag til andre budsjettjusteringar ut frå situasjonen som det er gjort greie for ovanfor, ev. med justeringar i høve til rekneskapen per mai. Ein reknar også med at resultatet av årets lønnsoppgjer vil vere klart då, og om kommunens avsetting til dette føremålet frigjer midlar eller ikkje.

Rådmannen vil derfor tilrå at kommunestyret tar tertialrapport per 30. april 2010 til etterretning.

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann

Dag Flacké  
Kommunalsjef

Velledalen Privatskule AS  
v/ Styreleiar Aina Holmberg  
Brunstadvegen 209  
6220 Straumgjerde

Velledalen 30.08.10.


Kontollutvalet i Sykkylven Kommune  
Servicetorget  
6230 Sykkylven

Viser til uttale sendt av Sykkylven kommune ved administrasjonen til utdanningsdirektorartet, vedrørende etablering av Velledalen Privatskule AS.

Vi ber om at kontrollutvalet vurderar saka, då det etter vårt syn frå administrasjonen si side har skjedd ei samanblanding av ulike saker som motivasjonen bak skiping av privatskule, skulestruktur, økonomi, uttalar frå FAU ved Velledalen og Hundeidvik vedr. oppretthalding av ein offentleg skule. Ein brukar dette til å underbygge ein uttale som er negativ for privatskule i Sykkylven.

Styret i Velledalen privatskule AS ber difor om at Kontollutvalet ser på saka.

Med vennlig helsing



Aina Holmberg  
Styreleiar i Velledalen Privatskule AS.